


Høyringsinnspeil til ny barneskule i Sogndal sentrum

Me viser til saksframlegget 2022/610-18 framlagt av kommunen den 09.02.2023 der ein konkluderer med at Kvåle-alternativet "samla sett svarar godt på mange av dei samfunnsutfordringane som kjem dei neste 50-60 åra, og frå ei samla vurdering vert alternativet vurdert som det klart beste." Framlegget vart presentert på folkemøte sju dagar seinare med høve til å kome med innspel og stille spørsmål frå salen.

Me ønskjer med dette høyringsinnspelet å stille spørsmål ved kvalitet, grundighet og argumentasjonen i saksframlegget. Kommunen har ansvar for å utarbeide fagleg forankra, etterrettelege saksframlegg, i tråd med samfunnsplanen og i samsvar med norsk lovverk, rikspolitiske retningslinjer osb. Sogndal kommune har fått utarbeida ein moglegheitsstudie utført av HRP der dei ser på tre ulike alternativ. Studien viser moglegheiter og utfordringar for ein ny barneskule med tilhøyrande anlegg og funksjonar, men den skulle ikkje konkludere eller kome med konkrete råd om plassering. Tiltrådinga me finn i saksframlegget til plassering av ny barneskule skil seg monaleg frå Kvåle-alternativet som er utgreidd i moglegheitsstudien (sjå kartutsnitt). Me finn heller ikkje at kommunen i saksframlegget har utgreidd det tilrådde alternativet for relevante faglege problemstillingar. Altså er me av den oppfatning at det tilrådde Kvåle-alternativet ikkje er godt nok utgreidd.



Figur 1 - Oversikt over dei ulike alternativa

Me meiner at saksframlegget til kommunen er svært tynt, og det overraskar oss at ein ikkje har inkludert ein grundigare fagleg og erfaringsbasert gjennomgang i dei ulike delane av framlegget. Å bygge ein barneskule er ei stor investering som vil få konsekvensar for andre planlagde investeringar i Sogndal kommune. Dette krev at kommunen gjer eit koordinert og grundig saksførebuande arbeid. Det kjem ikkje fram i saksframlegget at den jobben er gjort.

I saksframlegget er føremon og ulemper for tre ulike alternativa lagt fram i form av ein tabell med vektig ut frå ei rekke vurderingskriterium og skår frå 1-6. Det vert forklart at denne metodikken vert brukt for å få ei mest mogleg objektiv framstilling. Me vurderer metodikken til å vera lite objektiv og den gjev eit misvisande vurderingsgrunnlag.

Me er opptekne av at saksgrunnlaget skal vere fagleg grunngjeve og har difor sett saman ei gruppe med kompetanse innan pedagogikk, økonomi, landskapsarkitektur, vegplanlegging, bygg, teknisk infrastruktur, anlegg, arealplanlegging, arkitektur, geologi, samfunnsvitskap, psykisk helse, fysisk aktivitet og folkehelse i arbeidet med dette høyringsinnspelet.

Me meiner kommunen i saksframlegget har blanda saman for mykje inn i rangeringa, at ein skilde tema blir vekta fleire gonger og at andre tema manglar. Dei viktigaste kriteria druknar også i vektinga av mindre viktige tema. Me har difor utarbeida eit høyringsinnspel der me deler dei ulike kriteria inn i; **1)** barna sitt beste, **2)** andre tilhøve knytt til skuleutbygginga og **3)** andre verknader. For kvart kriterium seier me noko om kva samfunnsplanen, rammeverket, lover, standardar, rettleiarar osv. legg som føringar. Eit slikt grunnlag meiner me er mangelfullt i kommunen sitt saksframlegg. Vidare gjev me ei generell vurdering før me vurderer dei to plasseringsalternativa, Trudvang og Kvåle, kvar for seg. I staden for å kaste terning (1-6) har me valt å vurdere kriteria som grønt (godt), gult (verken eller) og raudt (dårleg).

Vår faglege vurdering av plassering av ny barneskule i Sogndal sentrum er følgjande:

Trudvang: **27 grøn, 1 gul, 1 raud**

Kvåle: **5 grøn, 15 gul, 9 raud**

Etter ei samla vurdering meiner me difor at Trudvang-alternativet er det beste alternativet, både for barna sitt beste, for andre tilhøve knytt til skuleutbygginga og når ein ser på plassering av barneskulen i eit større perspektiv. Sentrale stikkord er økonomi, framdrift, nærliek til andre viktige målepunkt, avstand til skulen for flest mogleg og staden/bygda sine kvalitetar.

Arbeidet vårt er ikkje uttømmande, og det vil kunne vere nyansar som ikkje er fanga opp. Likevel har ein gjennom tverrfaglege drøftingar gjort eit arbeid på eit nivå der me meiner det er fagleg forsvarleg å konkludere med ei klar tilråding for Trudvang skule. Trudvang er eit trygt val med omsyn til økonomi, framdrift og berekraft, noko som også er viktig for andre planlagde investeringar i Sogndal kommune i åra framover.

Venleg helsing

Lise Fadnes, Johanne Broch Hauge, Kari Hellevang, Tone Kvåle, Kari Holen Loftesnes, Iren Meisterplass, Heidi Kathrin Osland, Eirik Rygg, Ane K. Solbraa, Joakim Steinholm, Christina Skancke Sørheim, Tom Wergeland, Eyvind Øgar, Silje Aaberge Aalbu, Jan Helge Aalbu og Ingrid Buvarp Aardal

Innholdsliste

1. Barna sitt beste	4
Skulen og barna sine behov	4
Tomtespesifikke tilhøve	15
Trafikk	18
Nærleik til andre tilbod	25
2. Andre tilhøve knytt til skuleutbygginga	28
Økonomi	28
Reguleringstilhøve	32
Klima og berekraft	35
Skuledrift i anleggsfase	38
Tid	39
Lokaltrafikk og parkering	41
3. Andre verknadar	42
Basis- og fleir brukshall	42
Stadutvikling	44

1. Barna sitt beste

Skulen og barna sine behov

Pedagogiske kvalitetar og utforming skulebygning (inkludert soneinndeling)

Kva seier rammeverket:

"Best på oppvekst" (1)

Føregangskommune for barnehage- og skuleutvikling (1.3) gjennom å m.a.:

- Byggje gode fagmiljø mellom tilsette, leiarar og eksterne (1.3.a)
- Sjå skular og barnehagar som ein del av lokalsamfunnet (1.3.c)
- Bruke kvalitetar i nærområde og lokale ressurspersonar for leik og praktisk læring (1.3.e)
- Bruke nærområdet til å byggje engasjement for klima, miljø og ressursbruk (1.3.f)
- Bruke fysisk aktivitet i pedagogikken (1.3.g)
- Bruke teknologi og digitale hjelpemiddel i pedagogikk og drift (1.3.h)
- Samarbeide med dei vidaregåande skulane og HVL for å vidareutvikle utdanningsløpet (1.3.i)
- Legge til rette for at skular og barnehagar har tilgang til rom og utstyr som inspirerer til kulturelle aktivitetar, og at skular og barnehagar kan ta kulturtildobet i kommunen aktivt i bruk (1.3.m)
- Legge til rette for kunst-, kultur- og kreative tilbod for barn og ungdom (1.3.n)

"Skapt for aktiv livsstil" (2)

Ein kommune som mobiliserer til fysisk aktivitet (2.2)

- Bruke fysisk aktiv læring i barnehage og grunnskule (2.2.a)

Generell vurdering:

Saksframlegget tar utelukkande utgangspunkt i fysiske tilhøve vedr. pedagogiske kvalitetar og utforming av skulebygning, medan samfunnssplanen i større grad vektlegg samarbeid, sambruk, næreliek og kvalitativt innhald når ein peiker på kva som må gjerast for å få ein god skule. Spesielt læreplanane for kroppsøving, kunst og handverk, naturfag og samfunnssfag viser til sentrale verdiar og kompetansemål som gjer næreliek til natur og kultur- og samfunnsliv til ein viktig pedagogisk kvalitet for skulen.

Trudvang

Det er mogleg å få til ei soneinndeling, men det er ikkje like viktig som på Campus. Rikt og tilgjengeleg areal rundt skulen innbyr til fysisk aktiv læring, som Trudvang skule er vidkjent for. Ulik dagsrytme er eit tiltak som vart innført på grunn av Covid-19. Det vil seie at ikkje alle elevane har friminutt på same tid, og det vert mindre press på bruk av uteareal og leikeapparat. Trudvang har så god erfaring med denne organiseringa at det har blitt vidareført også etter pandemien. Det gjer soneinndeling mindre viktig og elevane opplever betre plass og færre konfliktar i friminutta.

Delar av dei noverande bygga på Trudvang har rom som legg til rette for varierte læringsformer, utforskning og skaparglede i tråd med fagfornyinga. Det at kroppsøvingssalen er integrert i hovudbygget gir enkel tilkomst, noko som er spesielt viktig for SFO der elevane sirkulerer fritt mellom fleire avdelingar. SFO er no gratis for mange trinn som gjer at tal elevar som nyttar seg av

Kvåle

Soneinndeling er mogleg sidan ein byggjer heilt nytt. Ein er langt meir avhengig av ei strengare soneinndeling på Kvåle, grunna næreliken til andre skular rundt Campus. Det er færre moglegheiter i nærområdet for utvida klasserom og alternative læringsarenaer. Barneskulen vil samtidig konkurrere med ungdomsskulen, VGS og HVL om dei same uteareala, noko som vil gi mindre fleksibilitet i skulekvarden.

Om det ikkje blir integrert kroppsøvingssal på Kvåle, vil det skape utfordringar for drift av SFO.

	dette tilbodet er rekordhøgt og vil truleg passere 200 elevar i 2023.	
Vurdering		
Storlek på uteområde	<p>Kva seier rammeverket: Folkehelselova er utgangspunkt for tilråding av arealstorleik på uteområdet. Rettleiarene til denne forskriften ligg under Helsedirektoratet. Per i dag er det i utgangspunktet rettleiarar til forskrift om miljøretta helsevern for skuler og barnehagar, med tilhøyrande anbefalingar til areal, frå 2014, som er gjeldande. Kommunen nyttar denne når dei omtalar krav til areal på uteområdet. Arealnormene i rettleiarene er basert på anbefalingar frå Sosial- og helsedirektoratets rapport om Skulens uteareal frå 2003. Basert på ny kunnskap om arealnormer for uteområde i barnehagar og skuler jf. NMBU's rapport "Uteområder i barnehager og skoler- hvordan sikre kvalitet i utforminga" frå 2019, vil gjeldande rettleiar reviderast i følgje Helsedirektoratet.</p> <p>Nærleik til idrettsanlegg er ein bonus, men det bør ikkje reknast inn som det primære utehusarealet til skulen då eit ordinært fotball- og friidrettsanlegg ikkje nødvendigvis dekkjer naudsynte funksjonar og kvalitetar. Tilleggsareal som t.d. idrettsanlegg, er m.a.o. ikkje er nok i seg sjølv, det er viktig at uteområda tilfredsstiller moglegheit for å utøve allsidig fysisk aktivitet, moglegheit for sosiale og trivselsfremmende aktivitetar og rom for å tilegne seg kunnskapar (NMBU, 2019).</p>	
Generell vurdering:		
<p>Det er per i dag ikkje krav til storlek på uteområde til skule, berre tilrådingar. I rapporten frå NMBU er 30 m² føreslege som minimumsareal per elev. Storlek og kvalitet er ikkje einstydande. Eit lite område kan ha høg kvalitet, på same måte som eit stort område kan ha dårlig kvalitet. Den viktigaste faktoren for eit vellukka uteområde er kvalitet. Rapporten peiker på at 20 m² er ei nedre grense med tanke på slitasje på vegetasjon. I sentrum og bustadtette område kan arealet reduserast til 18 m² per elev. Då bør det vera tilleggsareal i nærleiken. Krav til kvalitet på tilleggsareal er likt som på sjølve skuleplassen. Ein skule med 700 elevar bør ha eit utehusareal kring 21 000m².</p>		
Trudvang	Kvåle	
Trudvang skule har i dag ei tomt på kring 12 600 m ² , inkludert bygningsmasse. Ved å inkludere "Stitoppen" 6 500 m ² Tilgrensande bustadhus 3 900 m ² vil det totale arealet verta 23 000 m ² <p>Dersom ny skule får fotavtrykk på om lag 3 500 m² vert utehusarealet om lag 19 500 m² og per elev 28 m². I tillegg er det mange varierte, gode og lett tilgjengelege område i nærmiljøet.</p> <p>I saksframlegget vart ikkje "Stitoppen" teken med i arealrekneskapen, då dette området ikkje er tilgjengeleg med universell utforming. I all hovudsak skal offentlege utearealet ha universell utforming (at det er tilgjenge for alle uavhengig av funksjonsnedsetting). Dette gjeld ikkje der utearealet, eller deler av utearealet etter sin funksjon/natur/karakter er ueigna for personar med funksjonsnedsetting. Til dømes ein skog i bratt</p>	Området på Kvåle kan potensielt verte veldig stort. I saksframlegget er det føreslege eit totalt utbyggingsareal på 67 300 m ² . Det inkluderer både barneskule, ungdomsskule og idretts- og nærmiljøanlegg.	

lende. Kravet må oppfyllast for dei brukargrupsene som området er eigna for.

Storleik på utomhusområde på Trudvang vert vurdert til god, då arealet tilfredsstiller tilrådingar. I tillegg er det mange gode og varierte uteområde i nærleiken.

Sjå skisse nedanfor



Det skal vera plass til:

Ungdomsskule 300 elevar (lik fotavtrykk som i dag): ca. 4 100m²

Utomhus ungdomsskule: ca. 9 000 m²

Fotball- og friidrettsanlegg: ca. 16 500 m²

Ungdomsskule 700 elevar: ca. 3 500 m²

Utomhus barneskule: ca. 21 000 m²

Parkeringsplasser og skyss på Ingafossen (som i dag): ca. 5 000 m²

Parkeringsplasser ungdomsskulen (som i dag): ca. 2 200 m²

Nærmiljøanlegg: ca. 7 100 m²


Sum ca. 68 400 m²


Denne rekneskapen er minimumsareal, utan plass til utviding av ungdomsskule og naudsynte mellomromsareal (tilkomstvegar, gangveg mm.)

Dersom det framleis skal vera fotball- og friidrettsstadion på Kvåle etter skulen er ferdigbygd bør uteområdet til barneskulen sjåast i lys av plassering av Kvåle stadion. I saksframlegget vert sambruk trekt fram som eit stort føremøn med skule på Kvåle. Sambruk av til dømes Kvåle stadion. For at barna skal kjenne seg trygge og oppleve å ha sine eigne soner bør det store fellesarealet Kvåle stadion utgjer liggja utanfor barneskulen sitt skoleområde.

Dersom tomta avgrensast slik at ny Kvåle stadion får plass utanfor området til barneskulen, utan å kome altfor langt inn på dyrka mark,

		<p>vert arealet om lag 18 500 m².</p> <p>Det gjev eit areal på 21 m² per elev, etter at 3500 m² fotavtrykk frå skulebygning er trekt frå.</p> <p>Storleik på arealet på Kvåle vert vurdert til godt. Då det er over den "kritiske normgrensa" på 20 m² per elev og store tilleggsareal i nærlieken.</p> <p>Sjå skisse nedanfor</p>
Vurdering		





Kvalitetar på uteområde (på tomta)	<p>Kva seier samfunnsplanen og anna rammeverk: “Best på oppvekst” (1)</p> <p>Føregangskommune for barnehage- og skuleutvikling (1.3) gjennom å m.a.:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Bruke fysisk aktivitet i pedagogikken (1.3.g) <p>Lokalsamfunn som innbyr til fritidsaktivitet og sosiale møte (1.5) gjennom å m.a.:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Etablere aktivitetsparkar for ungdom i sentrumskjernane i alle tettstader (1.5.a) - Legge til rette for grøne friområde tett på alle skular, barnehagar og idrettsanlegg (1.5.c) <p>NMBU's rapport "Uteområder i barnehager og skoler- hvordan sikre kvalitet i utforminga" (2019) presenterer oppdatert kunnskap som skal ligge til grunn for nye anbefalingar for innhaldskvalitetar og arealstørrelse i uteområde for skular og barnehagar. Anbefalingane er meint som grunnlag for lokale myndigheter og fagmiljø i planlegging av nye eller utbetring/ utviding av eksisterande skuler og barnehagar. Rapporten bør nyttast i det vidare arbeidet i påvente av dei nye anbefalingane.</p>				
	<p>Generell vurdering: I kva grad eit uteområde vert nyttar er avhengig av kvalitet. Høg kvalitet fremjar trivsel og aktivitet. Ein ser tydelege samanhengar mellom kvalitet og aktivitet og trivsel, denne samanhengen er ikkje like tydeleg mellom storleik og aktivitet. God kvalitet kan kompensere for manglande arealstorleik, men storleik kan ikkje kompensere for dårlig kvalitet. (NMBU, 2019).</p> <p>Suksessfaktorar for gode uteområde ligg i både utforming, innhald og omgjevnadar. Variasjon er eit viktig stikkord for gode uteområde: Variasjon gjennom døger og årstider, variasjon i form og funksjon, variasjon i utfording og meistring. Det er ikkje naudsyt med mange ulike leikeapparat, men innhald som tilbyr mange funksjonar og variasjonar. Natur vert trekt fram som særleg positivt for uteområdet. Natur fremjar variert bruk og leik og reduserer inaktivitet. Det er vist at naturområde fører til auka aktivitetsnivå, uavhengig av kjønn.</p> <p>Kvalitet på uteområdet heng også saman med mikroklima, støy og ureining, det er skildra under avsnittet “Tomtespesifikke tilhøve”.</p>				
	<table border="1" data-bbox="557 854 2048 1383"> <thead> <tr> <th data-bbox="557 854 1253 890">Trudvang</th><th data-bbox="1253 854 2048 890">Kvåle</th></tr> </thead> <tbody> <tr> <td data-bbox="557 890 1253 1033"> <p>Tomta er tilnærma flat og ligg på same kotenivå som Sogndal Sentrum, noko som er eit godt utgangspunkt for at heile skuleområdet kan utformast med universell utforming og med god universell samanheng til sentrum med kulturhus, bibliotek og sentrumspark.</p> <p>Tomta er solrik (sjå soldiagram under mikroklima) og lun, og det ligg difor godt til rette for å etablere uteområde og inngangar med gode kvalitetar på fleire sider av bygga.</p> <p>Det er i utgangspunktet ikkje nødvendig med parkering under bakken, noko som gjer at det ligg til rette for å etablere vegetasjon og med innslag av store tre.</p> <p>Det er nokre tre i grensa og på nabotomtene til dagens uteområde på Trudvang, desse vil auke naturkvalitetane på området.</p> <p>Stitoppen er eit område med gode naturkvalitetar; variert terreng,</p> </td><td data-bbox="1253 890 2048 1033"> <p>Tomta består av Ingahaugen med bratte skrånningar ned mot Sogndalselva og Sognahallen. Det er ei skrånning mellom toppen av haugen og stadionområdet. Haugen er planlagt sprengt vekk og erstatta med eit parkeringshus. Det vil vere ein del problemstillingar knytt opp mot universell utforming i forhold til det omkringliggende området som vil kunne skape barrierar.</p> <p>Tomta har lite sol deler av skuleåret (sjå soldiagram under mikroklima) og har til dels mykje trekk ned i midten av dalen. Det er mogleg å skjerme inngangar mot trekken, men det er ikkje mogleg å skjerme heile uteområdet.</p> <p>Det er lite vegetasjon på området. Vegetasjon i samband med bustadområdet vil bli fjerna.</p> <p>Skulen er tenkt plassert på toppen av garasjen, noko som gjer det vanskelegare å etablere større samanhengande grønt-strukturar og store tre.</p> </td></tr> </tbody> </table>	Trudvang	Kvåle	<p>Tomta er tilnærma flat og ligg på same kotenivå som Sogndal Sentrum, noko som er eit godt utgangspunkt for at heile skuleområdet kan utformast med universell utforming og med god universell samanheng til sentrum med kulturhus, bibliotek og sentrumspark.</p> <p>Tomta er solrik (sjå soldiagram under mikroklima) og lun, og det ligg difor godt til rette for å etablere uteområde og inngangar med gode kvalitetar på fleire sider av bygga.</p> <p>Det er i utgangspunktet ikkje nødvendig med parkering under bakken, noko som gjer at det ligg til rette for å etablere vegetasjon og med innslag av store tre.</p> <p>Det er nokre tre i grensa og på nabotomtene til dagens uteområde på Trudvang, desse vil auke naturkvalitetane på området.</p> <p>Stitoppen er eit område med gode naturkvalitetar; variert terreng,</p>	<p>Tomta består av Ingahaugen med bratte skrånningar ned mot Sogndalselva og Sognahallen. Det er ei skrånning mellom toppen av haugen og stadionområdet. Haugen er planlagt sprengt vekk og erstatta med eit parkeringshus. Det vil vere ein del problemstillingar knytt opp mot universell utforming i forhold til det omkringliggende området som vil kunne skape barrierar.</p> <p>Tomta har lite sol deler av skuleåret (sjå soldiagram under mikroklima) og har til dels mykje trekk ned i midten av dalen. Det er mogleg å skjerme inngangar mot trekken, men det er ikkje mogleg å skjerme heile uteområdet.</p> <p>Det er lite vegetasjon på området. Vegetasjon i samband med bustadområdet vil bli fjerna.</p> <p>Skulen er tenkt plassert på toppen av garasjen, noko som gjer det vanskelegare å etablere større samanhengande grønt-strukturar og store tre.</p>
Trudvang	Kvåle				
<p>Tomta er tilnærma flat og ligg på same kotenivå som Sogndal Sentrum, noko som er eit godt utgangspunkt for at heile skuleområdet kan utformast med universell utforming og med god universell samanheng til sentrum med kulturhus, bibliotek og sentrumspark.</p> <p>Tomta er solrik (sjå soldiagram under mikroklima) og lun, og det ligg difor godt til rette for å etablere uteområde og inngangar med gode kvalitetar på fleire sider av bygga.</p> <p>Det er i utgangspunktet ikkje nødvendig med parkering under bakken, noko som gjer at det ligg til rette for å etablere vegetasjon og med innslag av store tre.</p> <p>Det er nokre tre i grensa og på nabotomtene til dagens uteområde på Trudvang, desse vil auke naturkvalitetane på området.</p> <p>Stitoppen er eit område med gode naturkvalitetar; variert terreng,</p>	<p>Tomta består av Ingahaugen med bratte skrånningar ned mot Sogndalselva og Sognahallen. Det er ei skrånning mellom toppen av haugen og stadionområdet. Haugen er planlagt sprengt vekk og erstatta med eit parkeringshus. Det vil vere ein del problemstillingar knytt opp mot universell utforming i forhold til det omkringliggende området som vil kunne skape barrierar.</p> <p>Tomta har lite sol deler av skuleåret (sjå soldiagram under mikroklima) og har til dels mykje trekk ned i midten av dalen. Det er mogleg å skjerme inngangar mot trekken, men det er ikkje mogleg å skjerme heile uteområdet.</p> <p>Det er lite vegetasjon på området. Vegetasjon i samband med bustadområdet vil bli fjerna.</p> <p>Skulen er tenkt plassert på toppen av garasjen, noko som gjer det vanskelegare å etablere større samanhengande grønt-strukturar og store tre.</p>				

	møglegheit for roleg opphold og aktiv leik, tre å klatre i og busker å gøyme seg bak. I tillegg til naturareala på skuleområdet er det gangavstand til mange ulike natur- og parkareal.	Kvåle har mest truleg meir snø gjennom vinteren enn det Trudvang har. Snø er ein viktig årstidsvariasjon og gir møglegheit for skileik, aking osb.			
Vurdering					
Krava til fagfornyinga		<p>Kva seier rammeverket: For å nå målet om å bli ein føregangskommune for skuleutvikling (1.3) skal kommunen byggje gode fagmiljø mellom tilsette, leiarar og eksterne (1.3.a), men samfunnsplanen seier ikkje noko om at bygga skal møte krav til fagfornyinga.</p> <p>I fagfornyinga (LK20) vert enkel tilgang til varierte læringsarenaer i nærmiljøet til skulen trekt fram som viktig for å oppnå mange av kompetansemåla. Dette er også vektlagt i overordna del av læreplanen. <i>“Gjennom opplæringen skal elevene få kunnskap om og utvikle respekt for naturen. De skal få oppleve naturen og se den som en kilde til nytte, glede, helse og læring.”</i> (Henta frå overordna del i LK-20, 19.02.23: https://www.udir.no/lk20/overordnet-del/opplaringens-verdigrunnlag/1.5-respekt-for-naturen-og-miljobevissthet/?kode=nat01-04&lang=nob).</p> <p>Generell vurdering: For å stette krava til fagfornyinga er det viktig å ha spesialrom tilgjengeleg og elles store nok klasserom til å kunne nyttast for ulike grupper. Dette vil ein klare både på Trudvang og Kvåle. Utover dette bør ein fokusere på uteområde og naturområde i høve fagfornyinga. Naturområde i nærmiljøet som er mykje nytta i skulesamanheng er til dømes området på Haugen (bak grushola), Sjøkanten/Hagelin, Røvehaugane, Parken, Fjordstien og Loftesnes.</p>			
<table border="1"> <thead> <tr> <th>Trudvang</th> <th>Kvåle</th> </tr> </thead> <tbody> <tr> <td>Elevane på 1.trinn har undervisning på naturområde i nærmiljøet fast ein dag i veka. Haugen-området som ligg like bak grushola (brannstasjonen) er mykje brukt og er i trygg gangavstand frå Trudvang. Her har Trudvang bygd ei stor gamme som saman med det flotte naturområdet rundt, vert nytta til undervisningsformål heile året. Også mange av dei andre klassetrinna på Trudvang nytta området på Haugen som del av undervisninga i fleire fag. Den sentrale plasseringa til Trudvang er heilt ideell med tanke på tilkomst og avstand til mange viktige naturområde i nærmiljøet.</td> <td>Nærområdet på Kvåle byr ikkje på like varierte tilbod i nærmiljøet, og der må ein i tillegg sambruka mykje med barnehage, ungdomsskule, vidaregåande skule og høgskule. Det vil gi mindre fleksibilitet og fleire av dei populære naturområda som blir brukt på Trudvang i dag, vil ikkje lenger vere like aktuelle på grunn av avstand (ref. kart som viser avstandar til aktuelle læringsarenaer i nærmiljøet).</td> </tr> </tbody> </table>		Trudvang	Kvåle	Elevane på 1.trinn har undervisning på naturområde i nærmiljøet fast ein dag i veka. Haugen-området som ligg like bak grushola (brannstasjonen) er mykje brukt og er i trygg gangavstand frå Trudvang. Her har Trudvang bygd ei stor gamme som saman med det flotte naturområdet rundt, vert nytta til undervisningsformål heile året. Også mange av dei andre klassetrinna på Trudvang nytta området på Haugen som del av undervisninga i fleire fag. Den sentrale plasseringa til Trudvang er heilt ideell med tanke på tilkomst og avstand til mange viktige naturområde i nærmiljøet.	Nærområdet på Kvåle byr ikkje på like varierte tilbod i nærmiljøet, og der må ein i tillegg sambruka mykje med barnehage, ungdomsskule, vidaregåande skule og høgskule. Det vil gi mindre fleksibilitet og fleire av dei populære naturområda som blir brukt på Trudvang i dag, vil ikkje lenger vere like aktuelle på grunn av avstand (ref. kart som viser avstandar til aktuelle læringsarenaer i nærmiljøet).
Trudvang	Kvåle				
Elevane på 1.trinn har undervisning på naturområde i nærmiljøet fast ein dag i veka. Haugen-området som ligg like bak grushola (brannstasjonen) er mykje brukt og er i trygg gangavstand frå Trudvang. Her har Trudvang bygd ei stor gamme som saman med det flotte naturområdet rundt, vert nytta til undervisningsformål heile året. Også mange av dei andre klassetrinna på Trudvang nytta området på Haugen som del av undervisninga i fleire fag. Den sentrale plasseringa til Trudvang er heilt ideell med tanke på tilkomst og avstand til mange viktige naturområde i nærmiljøet.	Nærområdet på Kvåle byr ikkje på like varierte tilbod i nærmiljøet, og der må ein i tillegg sambruka mykje med barnehage, ungdomsskule, vidaregåande skule og høgskule. Det vil gi mindre fleksibilitet og fleire av dei populære naturområda som blir brukt på Trudvang i dag, vil ikkje lenger vere like aktuelle på grunn av avstand (ref. kart som viser avstandar til aktuelle læringsarenaer i nærmiljøet).				
Vurdering					

Kroppsøving innanfor funksjonell gangavstand	<p>Kva seier rammeverket: Samfunnsplanen seier ingen ting om areal for kroppsøving innanfor funksjonell gangavstand, men ein har mål av seg å sjå skular og barnehagar som ein del av lokalsamfunnet (1.3.c) og å bruke kvalitetar i nærområda for leik og praktisk læring (1.3.e). Fagfornyinga (LK20) vektlegg at kroppsøving fremjar samarbeid, forståing og respekt for kvarandre gjennom rørsleaktivitet og naturferdsel saman med andre. For gjennomføring av undervisning i kroppsøving treng ein difor ulike flater, t.d. uteområde, naturområde, symjebasseng og salar/hallar. Kroppsøving tek vare på tradisjonell rørsleaktivitet i samfunnet, men stimulerer òg til eksperimentering og kreativ utfalding i alternative rørsleformer. Ein treng difor ikkje berre ordinære idrettssalar/-hallar, men også undervisningsareal som legg til rette for alternative rørsleformer. Ein stor del av kroppsøvingstimane går føre seg utandørs. Læreplanverket understrekar at uteaktivitet og naturferdsel er ein sentral verdi i kroppsøvingsfaget, som gjev grunnlag for naturglede, respekt for naturen og miljømedvit. Elevane skal bruke nærområdet og utforske naturen gjennom varierte uteaktivitetar under vekslande årstider.</p>
	<p>Generell vurdering: Det er viktig for skulen å ha egsa areal for kroppsøvingsundervisning i funksjonell gangavstand til skulen. Dette gjeld òg for SFO. Totalt treng ein 4-5 flater innandørs med areal for kroppsøving i Sogndal sentrum (trinn 1-10). Trinn 8-10 treng 2 flater medan trinn 1-7 treng 2-3 flater, der den eine flata gjerne kan vere noko anna enn ein ordinær idrettssal/-hall. Lærarane har meldt inn behov for separate garderobar for 1-7 og 8-10 då garderobane blir brukta frå 4.trinn og elevane blir oppmoda om å skifte til egsa tøy for kroppsøving og at dei dusjar etter aktivitet. Elevane er spesielt sårbarar i denne alderen med tanke på å vera nakne saman med andre elevar, og då spesielt om eldre elevar må dele garderobar med dei yngste. Det kan føre til at dei yngste og mest sårbarar elevane føler seg uttrygge i garderobesituasjonen. Etter at det nyleg vart innført kompetansekrav i symjing for 2.trinn har symjeundervisninga for 2.trinn blitt gjennomført på Vesterland (buss til Kaupanger). Symjeundervisninga må uansett plassering av barneskulen skje på Kvåle og Vesterland.</p>
Trudvang	Kvåle

	<p>Det er i dag ei innandørs kroppsøvingsflate på Trudvang. Den blir også nytta av SFO fram til kl.16.30 og til anna aktivitet på ettermiddag/kveld både organisert og foreldredrive (som t.d. bursdagssekskap). Trudvang vil trenge ytterlegare ei flate til kroppsøving, medan flate nr 3 kan vere sambruk med idrettssalen som SAMAN planlegg i samband med utbygginga på studentheimen. Flate nr 2 vil legge til rette for sambruk i sentrum på kveldstid og dermed lette noko av trykket på gymsalen som er der i dag.</p> <p>Uteområde for kroppsøving vil vere godt tilgjengeleg på Trudvang der ein vil ha dette området for seg sjølv. Naturområde som er ein viktig arena i kroppsøvingsfaget er ikkje nemnt i saksframlegget. Naturområdet når ein lettast frå Trudvang.</p> <p>2. klasse vil framleis fraktast med buss til symjeundervisning på Vesterland medan dei frå 3. klasse må gå til Kvåle for symjeundervisning slik ein alltid har gjort.</p>	<p>Ei samlokalisering av kroppsøvingsareala på Kvåle vil ikkje medføre noko vesentleg auka sambruk på dagtid, ein vil berre trenge fleire flater på Kvåle. På kveldstid er det allereie god utnytting av kroppsøvingsallen på Trudvang og ei flytting av denne til Kvåle vil tilføre lite nytt med unntak av mogleg sambruk av flate nr 2 på kveldstid, noko ein også vil oppnå om denne flata ligg på Trudvang.</p> <p>Ei plassering på Kvåle vil gje kortare gangavstand til symjehallen for 3. trinn og oppover, men for 2. trinn vil det uansett vere behov for å frakte barna til Vesterland då symjehallen på Kvåle er lite eigna for symjeundervisning for dei minste barna.</p> <p>Uteområde for kroppsøving vil vere godt tilgjengeleg på Kvåle, men ein må rekne med å måtte dele deler av området med ungdomsskulen, vidaregåande og høgskulen. I tillegg vil ein måtte gå lengre for å nå naturområdet frå Kvåle enn frå Trudvang (t.d. 1900m frå Kvåle og 875m frå Trudvang til Røvehaugane, og 990m frå Kvåle og 305m frå Trudvang til gamma på Haugen).</p>
Vurdering		
Gode overgangar frå barnehagen, Barneskule, ungdomsskule, vidare utdanning og yrkesliv	<p>Kva seier samfunnsplanen: “Best på oppvekst” (1)</p> <p>Føregangskommune for barnehage- og skuleutvikling (1.3) gjennom å m.a.:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Byggje gode fagmiljø mellom tilsette, leiarar og eksterne (1.3.a) - Byggje gode psykososiale miljø saman med barn og føresette (1.3.b) - Sjå skular og barnehagar som ein del av lokalsamfunnet (1.3.c) - Sørge for gode overgangar til barnehage, Barneskule og ungdomsskule saman med barn og føresette (1.3.d) - Samarbeide med dei vidaregåande skulane og HVL for å vidareutvikle utdanningsløpet (1.3.i) <p>Gode overgangar frå ungdom til arbeidsliv (1.6)</p> <ul style="list-style-type: none"> - Fleire resultatmål, men ingen er knytt til fysisk plassering av skule/arbeidsplassar, berre kvalitativt innhald og samarbeid <p>Kva anbefalingar gjev Kunnskapsdepartementet (KD) sin rettleiar:</p> <ul style="list-style-type: none"> - At barnehagetida avsluttast på ein god måte, og at skulen er budd på å ta imot barnet - At der er samanheng og prosesjon i læringsinnhaldet i barnehage og skule - At foreldra godkjener informasjonsoverføringa og har mogelegheiter for aktiv medverknad i samarbeidet - At barnehage og skule har felles møteplassar for forventningsavklaringar, kompetanseutvikling og felles planlegging - At kommunen initierer, planlegg, kontrollerer og føl opp samarbeidstiltak gjennom overordna planar. Planane bør inkludere både kommunale og private barnehagar og skular <p>Generell vurdering: Saksframlegget trekke fram viktigheita av gode overgangar. Dette vert støtta av rammeplanen som peiker på dei opplevde samanhengane</p>	


	<p>og overgangane. Samfunnsplanen har fleire resultatmål som stetter arbeidet med gode overgangar gjennom samarbeid, medan saksframlegget berre fokuserer på fysisk planlegging for å oppnå gode overgangar.</p> <p>Kunnskapsdepartementet sin rettleiar «Frå eldst til yngst» (2008) viser til felles planlegging og samarbeid med fokus på ulike læringskulturar, og fagleg samanheng – at skulen bygger vidare på kunnskapen der barnehagen slapp. Både barnehagepersonale, lærarar og foreldre er viktige aktørar som må samarbeide for å ivareta barnet sitt læringspotensiale på beste vis. Overgangar kan vere sårbare, men miljøskifte representerer oftast ei positiv modning. Rettleiaren poengterer også verdien av dei forskjellige skulane sitt sær preg, og oppfordrar til å ta vare på både likskapar og skilnader. I prinsippa for opplæringa (Læringsplakaten) heiter det at: “<i>Godt og systematisk samarbeid mellom barnehage, barnetrinn, ungdomstrinn og videregående opplæring skal bidra til å lette overgangen mellom de ulike trinnene i opplæringsløpet</i>” (Utdanningsdirektoratet 2006: 33).</p> <p>Gode overgangar handlar difor ikkje om fysisk nærleik. Rettleiaren poengterer at målet ikkje er å unngå overgangar, sidan dei er ein del av livet. Barna må ikkje skjermast frå dei, men øve på dei, trygt støtta av både barnehage, skule og heim. Samlokalisering gjev dårlegare hove til dette grunna mindre tydelege skilje mellom skulenivå. Barna får ikkje like stort utbytte av meistrings- og læringspotensialet i overgangane. Samlokalisering kan også true barneskulen sitt sær preg.</p>				
	<table border="1"> <thead> <tr> <th>Trudvang</th><th>Kvåle</th></tr> </thead> <tbody> <tr> <td> <p>Ein barneskule på Trudvang sikrar eit ute- og innemiljø tilpassa den aktuelle aldersgruppa. Barna er betre rusta til å trå inn i eit pulserande campusmiljø ved overgang til ungdomsskulen enn ved overgang til 1. Klasse. Det vil truleg heller opplevast som ein spanande overgang, enn ein skremmande overgang.</p> <p>Det vil også for fleire barn vere viktig å skifte miljø/lokalisering etter 7 års skulegang og dette vert sikra gjennom oppdeling av barneskule 1.-7.trinn på Trudvang og ungdomskule 8.-10. trinn på Kvåle.</p> </td><td> <p>Med ein barneskule på Kvåle kan den naturlege overgangen frå barneskule til ungdomsskule bli utviska. På den andre sida kan det bli ein <i>for stor</i> overgang frå barnehage til skule. Det kan verke overveldande for ein fersk førsteklassing å skulle orientere seg blant mange menneske, i eit komplekst trafikkbilete og eit uoversiktelig campusområde med eit stort tal bygningar som rommar både barne- og ungdomsskule, vidaregåande, høgskule, privat næringsliv, parkeringsanlegg, diverse idrettshallar og fotballstadion.</p> </td></tr> </tbody> </table>	Trudvang	Kvåle	<p>Ein barneskule på Trudvang sikrar eit ute- og innemiljø tilpassa den aktuelle aldersgruppa. Barna er betre rusta til å trå inn i eit pulserande campusmiljø ved overgang til ungdomsskulen enn ved overgang til 1. Klasse. Det vil truleg heller opplevast som ein spanande overgang, enn ein skremmande overgang.</p> <p>Det vil også for fleire barn vere viktig å skifte miljø/lokalisering etter 7 års skulegang og dette vert sikra gjennom oppdeling av barneskule 1.-7.trinn på Trudvang og ungdomskule 8.-10. trinn på Kvåle.</p>	<p>Med ein barneskule på Kvåle kan den naturlege overgangen frå barneskule til ungdomsskule bli utviska. På den andre sida kan det bli ein <i>for stor</i> overgang frå barnehage til skule. Det kan verke overveldande for ein fersk førsteklassing å skulle orientere seg blant mange menneske, i eit komplekst trafikkbilete og eit uoversiktelig campusområde med eit stort tal bygningar som rommar både barne- og ungdomsskule, vidaregåande, høgskule, privat næringsliv, parkeringsanlegg, diverse idrettshallar og fotballstadion.</p>
Trudvang	Kvåle				
<p>Ein barneskule på Trudvang sikrar eit ute- og innemiljø tilpassa den aktuelle aldersgruppa. Barna er betre rusta til å trå inn i eit pulserande campusmiljø ved overgang til ungdomsskulen enn ved overgang til 1. Klasse. Det vil truleg heller opplevast som ein spanande overgang, enn ein skremmande overgang.</p> <p>Det vil også for fleire barn vere viktig å skifte miljø/lokalisering etter 7 års skulegang og dette vert sikra gjennom oppdeling av barneskule 1.-7.trinn på Trudvang og ungdomskule 8.-10. trinn på Kvåle.</p>	<p>Med ein barneskule på Kvåle kan den naturlege overgangen frå barneskule til ungdomsskule bli utviska. På den andre sida kan det bli ein <i>for stor</i> overgang frå barnehage til skule. Det kan verke overveldande for ein fersk førsteklassing å skulle orientere seg blant mange menneske, i eit komplekst trafikkbilete og eit uoversiktelig campusområde med eit stort tal bygningar som rommar både barne- og ungdomsskule, vidaregåande, høgskule, privat næringsliv, parkeringsanlegg, diverse idrettshallar og fotballstadion.</p>				
Vurdering					
Psykososialt miljø	<p>Kva seier samfunnsplanen og anna rammeverk:</p> <p>I alle handlingar som vedkjem barn skal barna sitt beste vere eit grunnleggande omsyn (FNs barnekonvensjon, Artikkel 3 første ledd). Sogndal kommune ynskjer å vere best på oppvekst. Kommunen har som mål å vere ein føregangskommune for barnehage- og skuleutvikling (1.3) gjennom å m.a. byggje gode psykososiale miljø saman med barn og føresette (1.3.b). Samfunnsplanen seier følgande om teamet best på oppvekst: “<i>Dei som veks opp i Sogndal skal oppleve å vekse opp som trygge og aktive barn og unge med meistringsglede, vere rusta til å møte livet, ha mot til å leve, mot til å bry seg, mot til å seie nei og mot til å ta eigne val.</i>”</p> <p>I Helsedirektoratets veileder for miljø og helse i skolen §12 omtales psykososiale forhold som “<i>de mellommenneskelige forholdene på skolen</i>.” Vidare står det i forskrifta at “<i>alle elever i grunnskoler og videregående skoler har rett til et godt psykososialt miljø som fremmer helse, trivsel og læring.</i>” Når det gjeld vern om barn sitt psykososiale miljø på skulen er Opplæringslova kapittel 9A, <i>Elevane sitt skolemiljø</i>, også gjeldande. I spørsmål om plassering av ny barneskule i Sogndal kommune vil særskilt §9A-2 <i>Retten til eit trygt skolemiljø</i> og 9A-7 <i>Det fysiske miljøet, første ledd</i>, vere sentrale. I § 9A-2 heiter det at alle elevar har rett til eit trygt og godt skolemiljø som fremjar helse, trivsel og læring. I §9A-7 første ledd heiter det at skulen skal planleggast, byggjast, tilretteleggjast og drivast slik at det blir teke omsyn til tryggleiken, helsa, trivselen og læringa til elevane.</p>				

	<p>Generell vurdering: Kva som verkar inn på eleven sine psykososiale forhold er ofte samansett av mange forhold. Forhold som er uavhengig av lokalisering av ny barneskule i Sogndal vil ikkje bli omtala her då dette må antas å kome likt ut for dei ulike alternativa.</p> <p>Det å ha fokus på tryggheit og trivsel i skulekvardagen vil i stor grad vere med på å fremje eit godt psykososialt miljø for den enkelte elev. I Helsedirektoratets rettleiar for miljø og helse i skulen vert det presisert at “<i>mistrivsel og dårlige psykososiale forhold i skolen kan gi mange utslag, eksempelvis psykisk tretthet, konsentrasjonsvansker, spisevegring, angst og nedsatt motstandskraft mot sykdom.</i>”</p> <p>Eit anna viktig aspekt for at barn skal oppleve trivsel og gjennomgå ei sunn og heilskapleg utvikling, er moglegheita til å utfalte seg i størst mogeleg grad gjennom leik. Barn treng å vere barn så lenge som mogeleg utan for tidleg påvirkning og dragning mot aktivitetar og interesser i skulekvardagen som er meir forbeholdt ungdomar. Ein barneskule som sikrar at barn på best mogeleg måte kan leike som barn vil med stor sannsynlegheit bidra til eit betra psykososialt miljø for dei minste barna på fleire måtar. Dei ulike alternativa for lokalisering av ny skule vil gi ulike mogelegheiter for å bevare den viktige leiken i skulekvardagen.</p>
Trudvang	Kvåle
Lokalisering av ny barneskule ved Trudvang der 1.-7. trinn er fråskilt frå 8.-10. trinn vurderast i stor grad å verne om barna sin tryggheit og på den måten betre legge til rette for eit trygt og godt psykososialt miljø, spesielt for dei aller yngste barna. Aldersspennet mellom yngst og eldst vert ikkje for stort og dei eldste barna i 7.klasse kan også våge å vere barn litt lengre. Lokalisering av ny barneskule på Trudvang er det alternativet som i størst grad vil kunne gi barna mogelegheita til å behalde den gode leiken lengst mogeleg. Her får dei vere barn i leik og kan utvikle seg i eit aldersadekvat tempo.	I alternativet med lokalisering på Kvåle med 1.-10. trinn samlokalisert, der ein er førespeglia fråskiljing i form av soneinndelingar, risikerer ein i stor grad at oppstart og dei tidlege skuleåra for dei yngste barna kan opplevast meir uthygg. Elevane på dei tre øvste trinna (8.-10.) er definert som ungdomar/tenåringer og er i ein utviklingsperiode der interesser, sosial veremåte og enkelte aktivitetar skil seg vesentleg frå det som gjeld dei yngre barna. Sogndal er ein stor tettstad og tal barn samlokalisert på Kvåle blir mange. Soneinndeling vurderast å ikkje ville kunne motverke denne utfordringa på ein god nok måte. Med skule som er samlokalisert frå 1.-10. trinn på Kvåle risikerer ein også at den viktige leiken forsvinn tidlegare med at yngre barn søker til eldre barn før dette er gunstig i forhold til alder. Erfaring viser at ulike leikeapparat, soneinndelingar eller anna tilrettelegging ikkje er tilstrekkeleg for å motvirke dette i særleg grad.
Vurdering	

Tomtespesifikke tilhøve	
Støy og ureining	<p>Kva seier rammeverket: Rettleiar for handsaming av støy i arealplanlegging (T-1442/2021) definerer skule som støyfølsame bebyggelse. Utandørs støy skal ikkje overskride 55 dBA.</p> <p>Frå TEK 17: Å kunne opphalde seg eller konsentrere seg om leik utan å bli forstyrra eller forstyrre andre, er ein kvalitet som kan oppnåast med ein gjennomtenkt plassering og utforming. Uteoppholdsareal som skal være egna for ro og kvile egner seg dårlig for plassering like inntil støykilder eller eit uteoppholdsareal der det forutsettast støyande aktivitet, t.d. ballspell. Miljøbelastning som t.d. forurensa luft, vil</p>


	<p>redusere kvaliteten på eit uteoppholdsareal. Eksos frå biltrafikk og utslipp frå industri vil kunne redusere kvaliteten på området. Det same gjeld forureining i grunnen.</p> <p>Generell vurdering: Krav om å gjennomføre støytiltak ved ny skule kan ikkje avvikast. Gul støysone er ei vurderingssone der kommunen bør vise varsemd med å tillate blant anna etablering av nye skular og barnehagar. I utgangspunktet bør slik bebyggelse berre tillatast dersom ein gjennom avbøtande tiltak tilfredsstiller grenseverdiane i T-1442/2021.</p>
	<p>Trudvang</p> <p>Trudvang ligg i eit område utan vegar i nærleiken som kan gje støyproblematikk. Det er heller ingen verksemder som skaper støy.</p> <p>Kartutsnittet nedanfrå er frå Støysoner for riks og fylkesveger (arcgis.com). Det er ingen støysoner på eller nært skulen.</p>  <p>I følge miljødirektoratets database for forureining er det ingen registrerte forureiningar i grunnen.</p>
	<p>Kvåle</p> <p>Området på Kvåle/Ingahaugen er utsatt for støy frå rv. 5 og frå Sogndalselva, som i periodar når elva er flaumstor gir mykje lyd. Området er også utsatt for vegtrafikkstøv. Dette påverkar i særleg grad kvaliteten på uteområda og vil krevje tiltak for å oppnå gode nok støytilhøve. Avhengig av kor nær bygningsmassen kjem vegen og elva, kan det også bli behov for bygningsmessige tiltak. Ev. tiltak mot støy, ute og/eller inne, vil gi ekstra kostnader.</p> <p>Kartutsnittet nedanfor er frå Støysoner for riks og fylkesveger (arcgis.com). Gul sone strekker seg langt inn mot arealet for ev. ny skule. Gul sone = areal med støy mellom 55 og 60 dBA. Det vil krevje støyskjerming mot riksvegen dersom ein skal etablere skuleområde her.</p>  <p>Ved etablering av parkeringsanlegg bør det gjennomførast støykartlegging.</p> <p>I følge miljødirektoratets database for forureining er det ingen registrerte forureiningar i grunnen.</p>
Vurdering	
Mikroklima (sol, vind, temperatur)	<p>TEK 17</p> <ul style="list-style-type: none"> a) Sol og lysforhold <ul style="list-style-type: none"> - Sol- og lysforhold er viktige kvaliteter på ethvert uteoppholdsareal. Lysforhold omfatter dagslys og kunstig belysning. Belysning på kvelds- og nattestid vil kunne øke sikkerheten og tryggheten ved bruk av arealene. - Der det ikke er mulig å oppnå gode solforhold på alle uteoppholdsareal, er det viktig å plassere stillesittende aktiviteter der det er

	<p>uteoppholdsareal med gunstige solforhold, både for barn, unge, voksne og eldre. Dette gjelder også sosiale møtesteder med bord, sittegrupper og lignende.</p>						
	<p>Generell vurdering: Mikroklima er særskilt viktig ved planlegging av Barneskule. Skuleområdet må høve til både aktiv og roleg aktivitet. Mikroklimaet på skuletomta må legge til rette for at ein både kan danne soner som høver for barna (inkludert skulen sine behov) samstundes som ein kan få le for vær og vind og opning for sol og lys.</p> <p>I NMBU-rapporten "Uteområder for skole og barnehager" er desse suksessfaktorane løfta fram: <i>Plassering av bygninger på tomta, som sikrer et mest mulig samlet uteområde. Utforming av bygningsmassen som sikrer godt lokalklima og skjermer mot støy. • Overordnet formgiving med vekt på sonedeling, rominndeling og romforløp. • Utnyttelse og ivaretagelse av naturkvaliteter.</i></p>						
	<table border="1"> <thead> <tr> <th>Trudvang</th> <th>Kvåle</th> </tr> </thead> <tbody> <tr> <td>Trudvang skule har ei lun plassering med 175 soldagar i året. Form og utstrekking på tomt legg forholda godt til rette for ei gunstig soneinndeling for barna, som gir le for ver og vind, men framleis opning for lys og sol. Trudvang ligg lunt til, vekk frå dalatrekkene og skjerma av mellom anna skråningane nord for tomta. Sogndalselva ligg i god avstand til tomta og påverkar ikkje temperaturen.</td> <td>Kvåle ligg på eit stort ope areal, i utkanten av Sogndal sentrum og ved Sogndalselva. Tomta er utsatt for trekk frå dalen som gir kalde temperaturar. Sjølv om det er mogleg å plassere bygg mot sør, med tanke på soltilhøve, så er sola heilt vekke i ein lengre periode på den kaldaste tida av året</td> </tr> <tr> <td>Timar sol i skuletid gjennom skuleåret ca. 840 timer Tal skuledagar med sol: ca. 175 dagar</td> <td>Den føreslegne plasseringa av ny barneskule på Kvåle har store utfordringar med tanke på soneinndeling. På ei side av tomta er det bratt ned til Sognahallen. På sørvestsida ligg riksveg 5 og Sogndalselva. I nord ligg ungdomsskulen og i vest vil truleg det store fellesarealet med Kvåle stadion ligge. Dette er ein situasjon som gjer tilfredsstillande soneinndeling vanskeleg. Timar sol i skuletid gjennom skuleåret ca. 720 timer Tal skuledagar med sol: ca. 130 dagar</td> </tr> </tbody> </table>	Trudvang	Kvåle	Trudvang skule har ei lun plassering med 175 soldagar i året. Form og utstrekking på tomt legg forholda godt til rette for ei gunstig soneinndeling for barna, som gir le for ver og vind, men framleis opning for lys og sol. Trudvang ligg lunt til, vekk frå dalatrekkene og skjerma av mellom anna skråningane nord for tomta. Sogndalselva ligg i god avstand til tomta og påverkar ikkje temperaturen.	Kvåle ligg på eit stort ope areal, i utkanten av Sogndal sentrum og ved Sogndalselva. Tomta er utsatt for trekk frå dalen som gir kalde temperaturar. Sjølv om det er mogleg å plassere bygg mot sør, med tanke på soltilhøve, så er sola heilt vekke i ein lengre periode på den kaldaste tida av året	Timar sol i skuletid gjennom skuleåret ca. 840 timer Tal skuledagar med sol: ca. 175 dagar	Den føreslegne plasseringa av ny barneskule på Kvåle har store utfordringar med tanke på soneinndeling. På ei side av tomta er det bratt ned til Sognahallen. På sørvestsida ligg riksveg 5 og Sogndalselva. I nord ligg ungdomsskulen og i vest vil truleg det store fellesarealet med Kvåle stadion ligge. Dette er ein situasjon som gjer tilfredsstillande soneinndeling vanskeleg. Timar sol i skuletid gjennom skuleåret ca. 720 timer Tal skuledagar med sol: ca. 130 dagar
Trudvang	Kvåle						
Trudvang skule har ei lun plassering med 175 soldagar i året. Form og utstrekking på tomt legg forholda godt til rette for ei gunstig soneinndeling for barna, som gir le for ver og vind, men framleis opning for lys og sol. Trudvang ligg lunt til, vekk frå dalatrekkene og skjerma av mellom anna skråningane nord for tomta. Sogndalselva ligg i god avstand til tomta og påverkar ikkje temperaturen.	Kvåle ligg på eit stort ope areal, i utkanten av Sogndal sentrum og ved Sogndalselva. Tomta er utsatt for trekk frå dalen som gir kalde temperaturar. Sjølv om det er mogleg å plassere bygg mot sør, med tanke på soltilhøve, så er sola heilt vekke i ein lengre periode på den kaldaste tida av året						
Timar sol i skuletid gjennom skuleåret ca. 840 timer Tal skuledagar med sol: ca. 175 dagar	Den føreslegne plasseringa av ny barneskule på Kvåle har store utfordringar med tanke på soneinndeling. På ei side av tomta er det bratt ned til Sognahallen. På sørvestsida ligg riksveg 5 og Sogndalselva. I nord ligg ungdomsskulen og i vest vil truleg det store fellesarealet med Kvåle stadion ligge. Dette er ein situasjon som gjer tilfredsstillande soneinndeling vanskeleg. Timar sol i skuletid gjennom skuleåret ca. 720 timer Tal skuledagar med sol: ca. 130 dagar						



Trafikk	
Sikre at flest mogleg kan sykle eller gå til skulen <ul style="list-style-type: none"> Kva seier samfunnsplanen: <ul style="list-style-type: none"> "Skapt for aktiv livsstil" (2) <ul style="list-style-type: none"> Lokalsamfunn som innbyr til aktiv livsstil (2.1) gjennom å m.a.: <ul style="list-style-type: none"> Vere pådrivar for å etablere gang- og sykkelvegar ved private og offentlege utbyggingsprosjekt i heile kommunen (2.1.c) Sørge for at innbyggjarane kan ferdast på gang- og sykkelvegar heile året (2.1.d) Utvike infrastruktur som gjer det enkelt å velje sykkel som framkomstmiddel (2.1.e) Sikre eksisterande og etablere nye snarvegar i alle bygdene, for gåande og syklande (2.1.f) "Kompetansemiljø i eliteserien" (3) <ul style="list-style-type: none"> Vere ein attraktiv og påliteleg vertskommune (3.7) <ul style="list-style-type: none"> Planlegge for at tettstadane i Sogndal blir 5-minuttssamfunn som gjev eit tydeleg alternativ til dei som ønskjer å unngå ulempene på større stadar (3.7.d) "Fruktbare tettstader" (4) <ul style="list-style-type: none"> Effektive tettstader som gir god kvarlagslogistikk (4.3) <ul style="list-style-type: none"> Legge til rette for ein kompakt sentrumsstruktur med korte avstandar (4.3.a) Sørge for saumlause gang- og sykkelvegar (4.3.b) 	Generell vurdering: At så mange elevar som mogleg går eller sykler til skulen er viktig for helse, trivsel og miljø. Nærleik til skule er heilt avgjeraende for om barn går til skulen. Forsking viser at for avstand mindre enn 500m går om lag 8 av 10 barna, for avstand 1-2km går 1 av 3 barna, og for avstand

2-3km går berre 2 av 10 barna (RVU 2013/2014). Samla for gåing og sykling ser ein at om lag 85 % går eller syklar nær avstanden er under 1 km. Ca 55 % mellom 1-2 km og kun 35 % mellom 2 og 3 km.




Figur 1: Reisemåte til skule etter avstand (%). Nasjonal reisevaneundersøking (RVU 2013/14).

Dersom ein analyserer kor sentrale dei ulike tomtealternativa er, ser ein at Trudvang (1620-1980 personar) har vesentleg fleire busette innanfor 1 km avstand samanlikna med Kvåle (600-1290 personar), sjå skisse for gangsentralitet under.

I tillegg vert det oppgitt i saksgrunnlaget frå Sogndal kommune at tyngda av nye utbyggingsområde for familiebustadar vist i bustadanlysen til arealplanen vil ha Trudvang som det nærmeste alternativet. I saksgrunnlaget er det gjort ein tilgjengeleghetsanalyse som berekner tall elevar med reiseavstand 900 (ca 20 min for barn), 1800 og 3600 meter, der ein ikkje finn avgjerande skilnader. I analysen er folkeregisteret nytta, og nyetablerte bustadfelt (med overvekt av barn i skulealder) vil difor gi eit ukorrekt bilde av korleis avstandar barn går til skulen om nokre år. Ein får eit betre bilde av den reelle situasjonen dersom ein ser på alle busette sin avstand til dei ulike aktuelle plasseringane (som vist på skissa over gangsentralitet).


Basert på analyse av gangsentralitet i Sogndal sentrum, og reisevaneundersøking om kor mange som går og syklar til skulen ved ulike distansar, er det heilt klart vesentleg fleire som kjem til å gå og sykla til skulen ved lokalisering på Trudvang.

	Trudvang	Kvåle
Vurdering		



Avvikling av skuleskyss på ein trygg måte for elevane	<p>Kva seier samfunnsplanen: «Fruktbare tettstader» (4)</p> <p>Miljøvenlege tettstader som reduserer klimagassutslepp, energi, og ressursbruk (4.4) gjennom m.a.:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Som hovudregel legge parkering under bakken, i utkanten av sentrumskjernen og samlokalisert med kollektivpunkt (4.4.a) - Redusere biltrafikk og parkeringsareal i sentrumskjernen (4.4.c) - Utvikle og vere pådrivar for nye kollektiv- og mobilitetsløysingar (4.4.d) 				
	<p>Generell vurdering: Det kjem ikkje fram av moglegheitsstudien eller saksframlegget korleis busshaldeplass for skuleskyss skal utformast. Det er soleis ikkje grunnlag for å vurdere detaljar kring dette. Det kjem fram at både skysstasjonen og Ingafossen vil bli ombygde. Dei to lokalitetane har like gode føresetnadar for å etablere ei trafikksikker løysing. Dette gjeld trafikktryggleik isolert sett, medan opplevd tryggleik truleg vil vera ulik på dei to lokalitetane.</p>				
	<table border="1" data-bbox="534 504 2055 1081"> <thead> <tr> <th data-bbox="534 504 1253 541">Trudvang</th><th data-bbox="1253 504 2055 541">Kvåle</th></tr> </thead> <tbody> <tr> <td data-bbox="534 541 1253 1081"> <p>På Trudvang ligg det allereie godt til rette med nærliek til skysstasjonen. Mogleg å etablere snarveg gjennom lite trafikkert områd og gjera situasjonen betre enn den er i dag.</p> <p>Det er 7 klassetrinn som kjem med bussen. Om lag 700 elevar. I dag er det om lag 1/3 av elevane som nyttar skuleskyss. I følgje rektor på barneskulen tek 1/3 av elevane bussen. 230 stk. busselevar.</p> </td><td data-bbox="1253 541 2055 1081"> <p>Dersom barneskule, ungdomsskule og vidaregåande skal ha tilhald på Kvåle/Fosshaugane vil det vera 13 klassetrinn som kjem med skulebuss.</p> <p>Skuleskyss til Kvåle/Ingafossen skal serve barneskule (700 elevar), ungdomsskule (300 elevar) og VGS (800 elevar). Totalt 1800 elevar. Det er truleg ein større del som tek bussen til ungdomsskule og VGS enn til barneskulen, då desse skulane har elevar frå eit større geografisk område. 1/3 er soleis eit forsiktig overslag.</p> <p>Dette estimatet gir 600 busselevar til Kvåle. Dette genererer mykje trafikk, både skulebussar og privatbilar. Mogleg trafikkmengd her krev god utforming av trafikk- og venteareal.</p> <p>Den opplevde tryggleiken for dei yngste barna vert utfordra i eit stort trafikkareaal med mange andre menneske, i ulike aldrar. Fleire reisande, fleire bilar og bussar, større område gir mindre kjensle av tryggleik. Dersom venteareal skal vera i parkeringskjellar kan denne kjensla bli ytterlegare forsterka.</p> </td></tr> </tbody> </table>	Trudvang	Kvåle	<p>På Trudvang ligg det allereie godt til rette med nærliek til skysstasjonen. Mogleg å etablere snarveg gjennom lite trafikkert områd og gjera situasjonen betre enn den er i dag.</p> <p>Det er 7 klassetrinn som kjem med bussen. Om lag 700 elevar. I dag er det om lag 1/3 av elevane som nyttar skuleskyss. I følgje rektor på barneskulen tek 1/3 av elevane bussen. 230 stk. busselevar.</p>	<p>Dersom barneskule, ungdomsskule og vidaregåande skal ha tilhald på Kvåle/Fosshaugane vil det vera 13 klassetrinn som kjem med skulebuss.</p> <p>Skuleskyss til Kvåle/Ingafossen skal serve barneskule (700 elevar), ungdomsskule (300 elevar) og VGS (800 elevar). Totalt 1800 elevar. Det er truleg ein større del som tek bussen til ungdomsskule og VGS enn til barneskulen, då desse skulane har elevar frå eit større geografisk område. 1/3 er soleis eit forsiktig overslag.</p> <p>Dette estimatet gir 600 busselevar til Kvåle. Dette genererer mykje trafikk, både skulebussar og privatbilar. Mogleg trafikkmengd her krev god utforming av trafikk- og venteareal.</p> <p>Den opplevde tryggleiken for dei yngste barna vert utfordra i eit stort trafikkareaal med mange andre menneske, i ulike aldrar. Fleire reisande, fleire bilar og bussar, større område gir mindre kjensle av tryggleik. Dersom venteareal skal vera i parkeringskjellar kan denne kjensla bli ytterlegare forsterka.</p>
Trudvang	Kvåle				
<p>På Trudvang ligg det allereie godt til rette med nærliek til skysstasjonen. Mogleg å etablere snarveg gjennom lite trafikkert områd og gjera situasjonen betre enn den er i dag.</p> <p>Det er 7 klassetrinn som kjem med bussen. Om lag 700 elevar. I dag er det om lag 1/3 av elevane som nyttar skuleskyss. I følgje rektor på barneskulen tek 1/3 av elevane bussen. 230 stk. busselevar.</p>	<p>Dersom barneskule, ungdomsskule og vidaregåande skal ha tilhald på Kvåle/Fosshaugane vil det vera 13 klassetrinn som kjem med skulebuss.</p> <p>Skuleskyss til Kvåle/Ingafossen skal serve barneskule (700 elevar), ungdomsskule (300 elevar) og VGS (800 elevar). Totalt 1800 elevar. Det er truleg ein større del som tek bussen til ungdomsskule og VGS enn til barneskulen, då desse skulane har elevar frå eit større geografisk område. 1/3 er soleis eit forsiktig overslag.</p> <p>Dette estimatet gir 600 busselevar til Kvåle. Dette genererer mykje trafikk, både skulebussar og privatbilar. Mogleg trafikkmengd her krev god utforming av trafikk- og venteareal.</p> <p>Den opplevde tryggleiken for dei yngste barna vert utfordra i eit stort trafikkareaal med mange andre menneske, i ulike aldrar. Fleire reisande, fleire bilar og bussar, større område gir mindre kjensle av tryggleik. Dersom venteareal skal vera i parkeringskjellar kan denne kjensla bli ytterlegare forsterka.</p>				
Vurdering					
Hente og bringe ved foreldrekjøring på ein trygg og god måte	<p>Kva seier samfunnsplanen: «Fruktbare tettstader» (4)</p> <p>Miljøvenlege tettstader som reduserer klimagassutslepp, energi, og ressursbruk (4.4)</p> <ul style="list-style-type: none"> - Som hovudregel legge parkering under bakken, i utkanten av sentrumskjernen og samlokalisert med kollektivpunkt (4.4.a) - Redusere biltrafikk og parkeringsareal i sentrumskjernen (4.4.c) - Utvikle og vere pådrivar for nye kollektiv- og mobilitetsløysingar (4.4.d) 				

	Generell vurdering: Moglegheitsstudiet og saksframlegget viser ikke konkrete døme for korleis henting og bringing ved foreldrekjøring kan løysast.
	Trudvang Sjå skisse nedanfor. Det ligg godt til rette for å etablere trygge løysingar fleire stadar rundt tomta på Trudvang.
Vurdering	Kvåle For Kvåle ser ein føre seg at dette skal løysast frå rv. 5, men her er det planlagt inn mykje trafikk og mykje skal løysast i same område. Dersom ein etablerer ei løysing separat frå skuleskyss kan løysinga truleg bli trygg også her. Henting og bringing kan etablerast på ein trygg og god måte i begge alternativa.




<p>Sikre trygg og god skuleveg for gåande og syklande elevar</p>	<p>Kva seier samfunnsplanen: «Skapt for aktiv livsstil» (2) Lokalsamfunn som innbyr til aktiv livsstil (2.1) gjennom å m.a.: <ul style="list-style-type: none"> - Vere pådrivar for å etablere gang- og sykkelvegar ved private og offentlege utbyggingsprosjekt i heile kommunen (2.1.c) - Sørge for at innbyggjarane kan ferdast på gang- og sykkelvegar heile året (2.1.d) - Utvikle infrastruktur som gjer det enkelt å velje sykkel som framkomstmiddel (2.1.e) - Sikre eksisterande og etablere nye snarvegar i alle bygdene, for gåande og syklande (2.1.f) «Kompetansemiljø i eliteserien» (3) Vere ein attraktiv og påliteleg verkskommune (3.7) <ul style="list-style-type: none"> - Planlegge for at tettstadane i Sogndal blir 5-minuttssamfunn som gjev eit tydeleg alternativ til dei som ønskjer å unngå ulempene på større stadar (3.7.d) «Fruktbare tettstader» (4) Effektive tettstader som gir god kvardagslogistikk (4.3) gjennom å m.a.: <ul style="list-style-type: none"> - Legge til rette for ein kompakt sentrumsstruktur med korte avstandar (4.3.a) - Sørge for saumlause gang- og sykkelvegar (4.3.b) </p>				
	<p>Generell vurdering: Ei sentral plassering av skulen vil gje mindre bilkøyring, som er positivt for trafikktryggleiken. Alle bustadvegar leier inn mot sentrum, og gir naturlege ruter for mjuke trafikantar til Trudvang. Gravensteinsgata er nyleg oppgradert med gang- og sykkelveg. Dersom barneskulen vert lagt på Trudvang vil desse nye gang og sykkelvegane gå meir eller mindre rett forbi skulen og det vil ikkje bli nødvendig å belasta prosjektet med gang- og sykkelveg slik ein legg opp til for Kvåle. Den nye sykkelvegen koplar seg på heilt bort til Kjørnes i søraust og Hagelin i sørvest. I tillegg er det ein kombinasjon av fortau og gang- og sykkelveg frå Kringla til Trudvang.</p> <p>Trolladalen er peika på som ei utfordring, då dette er skuleveg for svært mange allereie i dag. Ved å etablere ny barneskule her vil dette bli skuleveg for vesentleg fleire (frå Fjøra, Nes og deler av Leite). Det vert skissert ei løysing med at ein før ned biltrafikken ved fjerning av parkeringsplassar på Fosshaugane. Det vil betre situasjonen om ein får til dette, men det vil framleis vera mykkje trafikk, og større del gåande og syklande barn på strekninga. Strekninga vil uansett ha behov for utbetring for mjuke trafikantar, men behovet aukar ved flytting av barneskulen då ein får både fleire og større del unge elevar på strekninga.</p> <table border="1" data-bbox="534 973 2050 1372"> <thead> <tr> <th data-bbox="534 973 1253 1013">Trudvang</th><th data-bbox="1253 973 2050 1013">Kvåle</th></tr> </thead> <tbody> <tr> <td data-bbox="534 1013 1253 1372"> <p>Det er i dag nokre utfordringar med mykkje bilkøyring tett ved skulen ved henting og levering. Ved å omdisponere noko av dagens areal på og ved Trudvang skule, kan det sikrast gode hjartesoner rundt skuleområdet med minimal biltrafikk, etter prinsipp frå Trygg Trafikk (https://www.tryggtrafikk.no/opplaering/skole/hjartesone/). Det ligg difor godt til rette for å sikre trygg og god skuleveg for mjuke trafikantar til Trudvang.</p> <p>Det er etablert snarvegar på Leite mot Trudvang som fører ungane vekk frå dei farlegaste vegstrekningane på Leite. Ungane som kjem frå vestsida av Leite har sikker skuleveg på fortauet langs fv.5613 Dalavegen, med snarvegar opp til bustadområdet.</p> </td><td data-bbox="1253 1013 2050 1372"> <p>Kvåle har i dag dårleg tilkomst for mjuke trafikantar. For store deler av Leite, Kvåle og Gurvin er raskaste veg til Kvåle via svært bratte og trafikkfarlege snarvegar. Desse er lite egna for sykling, og tilkomst blir då via Trolladalen viss ein ikkje kan nytte snarvegane. Å gjere Kvåle-området meir tilgjengeleg er naudsynt uansett om ny barneskule flyttast hit, men det krev kostbare tiltak, og vil ikkje gi like god tilkomst som til Trudvang.</p> <p>Føreset at all parkering vert fjerna frå nordsida av Campus for at vegen i Trolladalen vert utbетra til god løysing for mjuke trafikantar. Skulebarn som ferdast i Trolladalen vil difor få betre løysing gitt at dette vert utført.</p> </td></tr> </tbody> </table>	Trudvang	Kvåle	<p>Det er i dag nokre utfordringar med mykkje bilkøyring tett ved skulen ved henting og levering. Ved å omdisponere noko av dagens areal på og ved Trudvang skule, kan det sikrast gode hjartesoner rundt skuleområdet med minimal biltrafikk, etter prinsipp frå Trygg Trafikk (https://www.tryggtrafikk.no/opplaering/skole/hjartesone/). Det ligg difor godt til rette for å sikre trygg og god skuleveg for mjuke trafikantar til Trudvang.</p> <p>Det er etablert snarvegar på Leite mot Trudvang som fører ungane vekk frå dei farlegaste vegstrekningane på Leite. Ungane som kjem frå vestsida av Leite har sikker skuleveg på fortauet langs fv.5613 Dalavegen, med snarvegar opp til bustadområdet.</p>	<p>Kvåle har i dag dårleg tilkomst for mjuke trafikantar. For store deler av Leite, Kvåle og Gurvin er raskaste veg til Kvåle via svært bratte og trafikkfarlege snarvegar. Desse er lite egna for sykling, og tilkomst blir då via Trolladalen viss ein ikkje kan nytte snarvegane. Å gjere Kvåle-området meir tilgjengeleg er naudsynt uansett om ny barneskule flyttast hit, men det krev kostbare tiltak, og vil ikkje gi like god tilkomst som til Trudvang.</p> <p>Føreset at all parkering vert fjerna frå nordsida av Campus for at vegen i Trolladalen vert utbетra til god løysing for mjuke trafikantar. Skulebarn som ferdast i Trolladalen vil difor få betre løysing gitt at dette vert utført.</p>
Trudvang	Kvåle				
<p>Det er i dag nokre utfordringar med mykkje bilkøyring tett ved skulen ved henting og levering. Ved å omdisponere noko av dagens areal på og ved Trudvang skule, kan det sikrast gode hjartesoner rundt skuleområdet med minimal biltrafikk, etter prinsipp frå Trygg Trafikk (https://www.tryggtrafikk.no/opplaering/skole/hjartesone/). Det ligg difor godt til rette for å sikre trygg og god skuleveg for mjuke trafikantar til Trudvang.</p> <p>Det er etablert snarvegar på Leite mot Trudvang som fører ungane vekk frå dei farlegaste vegstrekningane på Leite. Ungane som kjem frå vestsida av Leite har sikker skuleveg på fortauet langs fv.5613 Dalavegen, med snarvegar opp til bustadområdet.</p>	<p>Kvåle har i dag dårleg tilkomst for mjuke trafikantar. For store deler av Leite, Kvåle og Gurvin er raskaste veg til Kvåle via svært bratte og trafikkfarlege snarvegar. Desse er lite egna for sykling, og tilkomst blir då via Trolladalen viss ein ikkje kan nytte snarvegane. Å gjere Kvåle-området meir tilgjengeleg er naudsynt uansett om ny barneskule flyttast hit, men det krev kostbare tiltak, og vil ikkje gi like god tilkomst som til Trudvang.</p> <p>Føreset at all parkering vert fjerna frå nordsida av Campus for at vegen i Trolladalen vert utbетra til god løysing for mjuke trafikantar. Skulebarn som ferdast i Trolladalen vil difor få betre løysing gitt at dette vert utført.</p>				

	Dalavegen har relativt låg trafikk av mjuke trafikantar slik at fortauet gir trygg løysing. Ungane som kjem frå Campus-området deler eit relativt smalt fortau i Trolladalen og har truleg det därlegaste tilbodet av alle som skal til Trudvang.	Fleire barn vil velje anna rute til skulen frå austsida av Leite, ned Leitevegen og mot Rutlin. Denne strekninga er ikkje tilrettelagt for mjuke trafikantar. Dette er 1-felts veg med få møteplassar og med farlege avkøyrslar og kryss. Dette vegsystemet på Leite er ikkje tilrettelagt for å få auka trafikk av skulebarn og vil være ein risiko å nytte for små skulebarn.
Vurdering		

Nærleik til andre tilbod	
Nærleik til kulturtildob og andre områder som blir mykje brukt	<p>Kva seier samfunnsplanen: «Best på oppvekst» (1) Føregangskommune for barnehage- og skuleutvikling (1.3) gjennom å m.a.: <ul style="list-style-type: none"> - Legge til rette for at skular og barnehagar har tilgang til rom og utstyr som inspirerer til kulturelle aktivitetar, og at skular og barnehagar kan ta kulturtildobet i kommunen aktivt i bruk (1.3.m) - Legge til rette for kunst-, kultur- og kreative tilbod for barn og ungdom (1.3.n) I “overordna prinsipp for praksis i skulen” utevar læreplanverket at ved å nytte varierte læringsarenaer kan skulen gje elevane praktiske og livsnære erfaringar som fremjar motivasjon og innsikt. Engasjementet til lokalmiljøet og samfunnet kan bidra positivt til utviklinga til skulen og elevane. Ulike former for lokalt, nasjonalt og internasjonalt samarbeid forankrar elevane si læring i aktuelle spørsmål (Eit inkluderande arbeidsmiljø, 3.1).</p> <p>Kva seier læreplanane: Samfunnsfag:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Faget skal bidra til at elevane ser samanhengar mellom individuelle val, samfunnssstrukturar og tolegrensene i naturen. I samfunnsfag skal elevane få høve til å utforske sin eigen identitet, lokalsamfunnet dei lever i, og nasjonale og globale problemstillingar (fagrelevans og sentral verdi). Elevane skal få vere nysgjerrige og aktivt kunnskapssøkjande og -skapande åleine og saman med andre både i og utanfor klasserommet (kjerneelement). - Elevane skal utforske og skildre kulturminne og kultur- og naturlandskapet i nærområdet (kompetanse mål, 2. trinn) <p>Naturfag:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Utforske eit naturområde i nærmiljøet og skildre korleis nokre organismar er tilpassa området og kvarandre (kompetanse mål 2. trinn) - Oppleve naturen til ulike årstider, reflektere over korleis naturen er i endring (kompetanse mål 2. trinn) - Utforske kretsløpet til vatnet og gjere greie for kvifor vatn er viktig for livet på jorda (kompetanse mål 4. trinn) - Utforske og samanlikne ulike dyre- og planteartar si tilpassing til miljø og levestader, og drøfte kvifor nokre artar dør ut (kompetanse mål 4. trinn) - Utforske eit naturområde og drøfte berekraftig bruk av området (kompetanse mål 4. trinn) <p>Kunst og handverk:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Samarbeid med lokalt kultur- og næringsliv skal bidra til å knytte elevane sitt skapande arbeid til aktuelle problemstillingar (fagrelevans og sentrale verdiar) <p>Kroppssøving er omtala under “kroppssøving innanfor funksjonell gangavstand”</p>

	<p>Generell vurdering:</p> <p>Lesing og samtale er grunnleggande ferdigheter i skulen, og kulturhuset og biblioteket nyttast aktivt i undervisninga til dette. Biblioteket arrangerer forfattarbesøk med høgtlesing og samtale som barna deltek på. Biblioteket som klasserom gjev andre sanseinntrykk som kan bidra til djupne og kvalitet i læringa og t.d. fremme leselyst. Folkebiblioteket er difor eit viktig supplement til skulebiblioteket, som har eit avgrensa utval bøker. Alle elevane får sitt eige lånekort og låner ofte bøker som blir nytta både i skuletida, i leksearbeid og til underhaldning. Mange barn nyttar også biblioteket etter skuletid for å gjera lekser og spele brettspel, og dei blir vel tatt imot av personalet på biblioteket. Ved store elevframsyningar får Barneskulen nytte kulturhuset sine lokale, men også SHOS blir nytta til framsyningar av både skule og SFO – til stor glede for både barn og beuarar. I tillegg til kulturskulen sine elevkonserter husar kulturhuset funksjonar og aktivitetar som kino, teater, Kulturspiren og etter kvart ungdomsklubb. Kulturhuset har stor verdi for bygda som eit folkets hus og ein inkluderande møteplass, som først og fremst barna kjenner eigarskap til. Det er ein viktig, inspirerande og trygg arena der dei kan utfalde seg sjølvstendig. Dei yngste elevane som går på kulturskulen har i dag undervisning like etter skulen. At små barn på eiga hand kan bevege seg fra skule til fritidsaktivitet gjev ein svært smidig kvardagslogistikk som både barn og foreldre tener på. Kort veg for korte bein kan vere avgjørende for å halde på elevtalet, og verkar positivt på rekrutteringa til Kulturskulen. Nærleik mellom Barneskule og kulturhus bør prioriterast ettersom kommunen ynskjer å inspirere til kulturelle aktivitetar og legge til rette for både organisert og uorganisert bruk av kulturtilbodet.</p> <p>Sogndalsfjøra byr på variert arkitektur og kunstverk, t.d. ved Loftesnes, som skapar sanseopplevelinger og innhald, blant anna i undervisninga i kunst og handverk. Bygda er også rik på historie. At barna får vandre blant trehusbygninga og stifte kjennskap til Gjest Baardsen-statuen og barndomsheimen, gjev ei levande formidling av lokalkunnskap og kultur som kan bidra til identitetsskapning og eigarskap til bygda. Fjordstien, badelaguna og sentrumsparken er også mykje besøkte stader som bidreg til at dei yngste skulebarna blir godt kjende med eigen tettstad. Eit fint døme på resultatet av denne erfaringsbaserte og varierte kunnskapen er 4. klassingane sitt store, tverrfaglege prosjekt "Min heimstad".</p> <p>Skissa under viser avstand frå ny skule på Kvåle (vist med K) og avstand frå Trudvang (vist med T) til ulike interessepunkt i bygda. Det kan vere grøntareal, turområde, park, urban møteplass, leikeplass, kulturtilbod og aktivitetsanlegg.</p>				
	<table border="1"> <thead> <tr> <th>Trudvang</th><th>Kvåle</th></tr> </thead> <tbody> <tr> <td>Nærleik til bibliotek, kulturhus, SHOS, Loftesnes, Gjest Baardsen-hus og statue, fjordsti, badelaguna og andre sentrumsfunksjonar/miljø. Elevane kan gå til kulturskule og biblioteket sjølv.</td><td>Plassering av skule på Kvåle kan redusere bruken av kulturhus, kulturskule og bibliotek både i og utanfor skuletid, og svekke bandet mellom kultur og skule. Det gjev også lang avstand til fjordsti, badelaguna og andre sentrumsfunksjonar/miljø.</td></tr> </tbody> </table>	Trudvang	Kvåle	Nærleik til bibliotek, kulturhus, SHOS, Loftesnes, Gjest Baardsen-hus og statue, fjordsti, badelaguna og andre sentrumsfunksjonar/miljø. Elevane kan gå til kulturskule og biblioteket sjølv.	Plassering av skule på Kvåle kan redusere bruken av kulturhus, kulturskule og bibliotek både i og utanfor skuletid, og svekke bandet mellom kultur og skule. Det gjev også lang avstand til fjordsti, badelaguna og andre sentrumsfunksjonar/miljø.
Trudvang	Kvåle				
Nærleik til bibliotek, kulturhus, SHOS, Loftesnes, Gjest Baardsen-hus og statue, fjordsti, badelaguna og andre sentrumsfunksjonar/miljø. Elevane kan gå til kulturskule og biblioteket sjølv.	Plassering av skule på Kvåle kan redusere bruken av kulturhus, kulturskule og bibliotek både i og utanfor skuletid, og svekke bandet mellom kultur og skule. Det gjev også lang avstand til fjordsti, badelaguna og andre sentrumsfunksjonar/miljø.				
Vurdering					



2. Andre tilhøve knytt til skuleutbygginga

Økonomi

Investeringskostnad

Kva seier samfunnsplanen og økonomiplan 2023 – 2026, inkl. årsbudsjett 2023:

"Samfunnsplanen har tre overordna mål som skal ramme inn all aktivitet. Desse tre måla kan brukast til å kontrollere om det me gjer, måten me gjer det på og retninga me går er med på å bygge opp under skaparkraft, livskvalitet og miljømedvit.

Samfunnsplanen sine satsingsområde skal hjelpe oss å nå måla våre: • Best på oppvekst • Skapt for aktiv livsstil • Kompetansemiljø i eliteserien • Fruktbare tettstadar • Utviklingslokometiv i Sogn.

Mesteparten av samfunnsplanen seier noko om korleis me skal jobbe, og har såleis ikkje konkrete økonomiske konsekvensar – det skal løysast i kvar dag i tenestene. I tillegg peikar samfunnsplanen på nokre spesifikke føringar for økonomiplanen, der pkt. c gjeld nye og oppgradering av eksisterande barnehagar og skular. Det er i investeringsbudsjettet sett av 436 mill. NOK fordelt over år slik:

Løyvingsskjema Investering <small>Betal i 1000 kroner</small>	Budsjett 2022	Økonomi- plan 2023	Økonomi- plan 2024	Økonomi- plan 2025	Økonomi- plan 2026	Rekneskap 2021
21303 Skuleutbygging Sogndal sentrum	800	6 000	60 000	250 000	120 000	

Oppsett samla investeringsbehov

ved bygging av ny 1-7 skule i sogndal basert på dei to skisserte alternativa frå kommunens saksframlegg

Kommentar	Trudvang	Post	Kvåle	Kommentar
Ekspropiering av to eigedommar samt kjøp av erstatningseigedommar for dei som kommunen allereie eig	46 973 125 kr	1 Tomtekostnader	104 343 825 kr	Ekspropiasjon av ingahaugen + kjøp del av hage for flytting idrettsanlegg
Riving av eks skule samt einebustader	19 000 000 kr	2 Rivings kostnader	6 000 000 kr	Riving av eks byggningar og idrettsanlegg
Trur denne posten kan ligge noko høgt, men likt berekna	514 450 000 kr	3 skulebygg og uteareal	511 868 330 kr	Trur denne posten kan ligge noko høgt, men likt berekna
Inegr kostnad, anlegg må ikkje flyttast	- kr	4 flytting og reetablering av idrettsanlegg	22 350 000 kr	Flytting og reetablering av idrettsanlegg som ligg i vegen for uteområde til ny skule
Det er meget god kapasitet i eksisterande parkeringshus	- kr	5 Kostnader Parkering	132 460 830 kr	Samlokalisering av parkering på campus i tillegg til etablering av ny parkering for ny skule
Kringliggane infrastruktur tiltak jf teikning	23 328 000 kr	6 Infrastruktur tiltak	54 160 000 kr	Kringliggane infrastruktur tiltak jf teikning
Ny fleirbrukskall	90 000 000 kr	7 Ny Fleirbrukskall	90 000 000 kr	Ny fleirbrukskall
	- kr	8 Bussparkering	- kr	
Situasjonen er pt uoversiktleg og ein brude sette av meir i uforutsett før ein gjer meir inngåande behovsanalyser	69 375 113 kr	9 Uforutsett - 10%	92 118 299 kr	Situasjonen er pt uoversiktleg og ein brude sette av meir i uforutsett før ein gjer meir inngåande behovsanalyser
	763 126 238 kr	SUM	1 013 301 284 kr	

Anna rammeverk:

Kulturdepartementet sin "Bestemmelser om tilskudd til anlegg for idrett og fysisk aktivitet – 2022"

Ein kan søkje om spelemidlar til fleire typar anlegg enn ordinære idrettsanlegg. Både anlegg for organisert og eigenorganisert (tidlegare vart det skildra som "uorganisert") aktivitet. Det følgjer ei rekke føresetnadar med tildeling av spelemidlar. Dersom eit anlegg vert ute av drift ein periode eller nedlagt, må det søkjast kulturdepartementet (her må det reknast to månadar sakshandsamingstid). Dersom anlegget vert nedlagt på spelemidlar betalast attende. Dersom anlegget vert nedlagt mindre enn ti år etter ferdigstillingsdato må tilskotet betalast attende i heilskap. Deretter er det ulike satsar. Dersom anleggseigaren vel å betale attende spelemidlane står han fritt til å planlegge eit nytt anlegg og søkje om spelemidlar på nytt. Ein annan moglegheit er at eigaren kan søkje om mellombels nedlegging og bygge opp att anlegget, med dei same funksjonane, det same området som det opphavlege anlegget. Dersom den siste løysinga vert valt kvalifiserer ikkje anlegget til nye spelemidlar og må kostast i heilskap av anleggseigaren sjølv.

Det finst også ei rekke andre ordningar for tilskot til aktivitetsanlegg og sosiale møteplassar. I retningslinjer frå Fylkeskommunen kan ein

	<p>lese at "nyskapande aktivitetsanlegg" (anlegg for eigenorganisert aktivitet, fleirfunksjonelle anlegg som gir høve til at brukarane kan nytte området på sin måte og appellerer til ei brei gruppe brukarar) vert prioriterte.</p>				
	<p>Generell vurdering: Gitt at økonomi er det kriteriesettet som vektast tyngst i kommunen sitt saksframlegg, bør dei økonomiske utgreiingane i saksframlegget vere så realistiske som mogleg. Det er så langt i prosessen frå kommunen si side lagt til grunn at dei ulike alternativa er relativt like når det gjeld investeringskostnad, men at det er stor usikkerheit til totalkostnad. Det er grunn til å tru at ein har teke alt for lett på det totale kostnadsbiletet for alle alternativ og spesielt Kvåle-alternativet; dette gjeld særleg tilleggskostnader knytt til infrastruktur, grunnarbeid, flytting/endring av idrettsanlegg (konsekvensar for tidlegare tildelingar av tippe midlar), eigedomserverv/prosess og reguleringsplanprosess. Vår vurdering er at Kvåle-alternativet vil krevje om lag 33% større investering enn Trudvang. Sjå eigne vedlegg for grunnlag på utrekningar av kostnader og forutsetningar. Det er tilhøyrande eigne tabellar samt synleggjering på teikning til alle postane.</p> <p>Alternativt: I høve både økonomiske og miljømessige kostnader er det eit fjerde alternativ som skulle ha vore utgreidd i detalj. Alternativet omfattar rehabilitering av dagens skule, samt å utelukkande bygge nytt for å dekke auka behov. Dagens skule har kapasitet til å huse 400 elevar. Eit nybygg for auka behov vil då ha behov for å huse 300 elevar. Arealbehovet til dette nybygget vil då være $300 \times 15 = 4500$. Til kr. 45000 pr m² vil det gi ein kostnad på 203 mill.kr. I tillegg antek ein at det vil være tilstrekkeleg med om lag 50 mill. kr. til opprusting i denne omgang. Totalsummen vil då verte Ny skule 253 mill. Kr. Tomtekjøp Trudvang 45 mill. Kr. Uteområde Trudvang 40 mill. Kr. Fleir brukshall 90 mill. Kr. Infrastruktur 30 mill. Kr. Uforutsett 10% - 40 mill. Kr. Samla sum = 498 mill. Kr. Ei slik løysing vil med god margin gi den beste økonomiske og miljømessige rekneskapen for kommunen.</p>				
	<table border="1"> <thead> <tr> <th>Trudvang</th><th>Kvåle</th></tr> </thead> <tbody> <tr> <td> <p>Den sentrumsnære plasseringa til skulen samsvarar med samfunnsplanen sine mål kring utvikling av sentrumsområde og prioritering av anlegg for aktive og sosiale møteplassar.</p> <p>Nyskapande aktivitetsanlegg skal vera gode, lokale møteplassar med lågterskel aktivitetstilbod. Med plassering på Trudvangtomta vil anlegget vera i gangavstand til flest mogleg.</p> <p>Uteområde på Trudvang kan ha mange tiltak som kvalifiserer til spele midlar og andre løyvingar.</p> </td><td> <p>I saksframlegget er det lagt fram eit kostnadsoverslag på 2500 kr per m² kunstgrasbane og 1700 kr per m² utomhusareal for skule elles. Vidare står det at det trass i denne skilnaden kostar mindre å etablere kunstgrasbane, då dette er eit tiltak dei kan få spele midlar til.</p> <p>På Kvåle er det allereie fleire anlegg som er bygd og/eller rehabilitert ved hjelp av spele midlar (sjå anleggsregisteret.no for detaljar kring anlegg og stønadssummar på Kvåle).</p> <p>Kostnaden dreier seg om fleire millionar kroner.</p> </td></tr> </tbody> </table>	Trudvang	Kvåle	<p>Den sentrumsnære plasseringa til skulen samsvarar med samfunnsplanen sine mål kring utvikling av sentrumsområde og prioritering av anlegg for aktive og sosiale møteplassar.</p> <p>Nyskapande aktivitetsanlegg skal vera gode, lokale møteplassar med lågterskel aktivitetstilbod. Med plassering på Trudvangtomta vil anlegget vera i gangavstand til flest mogleg.</p> <p>Uteområde på Trudvang kan ha mange tiltak som kvalifiserer til spele midlar og andre løyvingar.</p>	<p>I saksframlegget er det lagt fram eit kostnadsoverslag på 2500 kr per m² kunstgrasbane og 1700 kr per m² utomhusareal for skule elles. Vidare står det at det trass i denne skilnaden kostar mindre å etablere kunstgrasbane, då dette er eit tiltak dei kan få spele midlar til.</p> <p>På Kvåle er det allereie fleire anlegg som er bygd og/eller rehabilitert ved hjelp av spele midlar (sjå anleggsregisteret.no for detaljar kring anlegg og stønadssummar på Kvåle).</p> <p>Kostnaden dreier seg om fleire millionar kroner.</p>
Trudvang	Kvåle				
<p>Den sentrumsnære plasseringa til skulen samsvarar med samfunnsplanen sine mål kring utvikling av sentrumsområde og prioritering av anlegg for aktive og sosiale møteplassar.</p> <p>Nyskapande aktivitetsanlegg skal vera gode, lokale møteplassar med lågterskel aktivitetstilbod. Med plassering på Trudvangtomta vil anlegget vera i gangavstand til flest mogleg.</p> <p>Uteområde på Trudvang kan ha mange tiltak som kvalifiserer til spele midlar og andre løyvingar.</p>	<p>I saksframlegget er det lagt fram eit kostnadsoverslag på 2500 kr per m² kunstgrasbane og 1700 kr per m² utomhusareal for skule elles. Vidare står det at det trass i denne skilnaden kostar mindre å etablere kunstgrasbane, då dette er eit tiltak dei kan få spele midlar til.</p> <p>På Kvåle er det allereie fleire anlegg som er bygd og/eller rehabilitert ved hjelp av spele midlar (sjå anleggsregisteret.no for detaljar kring anlegg og stønadssummar på Kvåle).</p> <p>Kostnaden dreier seg om fleire millionar kroner.</p>				

Vurdering			
Driftskostnad	<p>Kva seier økonomiplanen: I følgje økonomiplanen er driftssituasjonen i Sogndal kommune krevjande. Uansett alternativ vil det vere viktig å ha høgt fokus på effektiv drift.</p> <p>Generell vurdering: Ved lokalisering ved Kvåle kan ein vurdere å sjå drifta i ein samanheng med ungdomsskulen. Ved lokalisering på Trudvang kan ein vurdere å sjå drifta i ein samanheng med SHOS. Det kan vere snøbrøyting, sanding, reinhald, tilsyn og vedlikehald av bygningar og anlegg. Då det ikkje er valt endeleg løysing for nokon av tomtene, vert driftskostnader vurdert som like.</p> <table border="1"> <tr> <td>Trudvang Blir truleg kombinasjon av nybygg og ombruk. Uteområda må oppgraderast og blir nye.</td><td>Kvåle Kan bli ny bygningsmasse eller kan bli ombruk av ungdomsskule. Uteområda må oppgraderast (ved ombruk) eller blir nye.</td></tr> </table>	Trudvang Blir truleg kombinasjon av nybygg og ombruk. Uteområda må oppgraderast og blir nye.	Kvåle Kan bli ny bygningsmasse eller kan bli ombruk av ungdomsskule. Uteområda må oppgraderast (ved ombruk) eller blir nye.
Trudvang Blir truleg kombinasjon av nybygg og ombruk. Uteområda må oppgraderast og blir nye.	Kvåle Kan bli ny bygningsmasse eller kan bli ombruk av ungdomsskule. Uteområda må oppgraderast (ved ombruk) eller blir nye.		
Vurdering			

Reguleringstilhøve

Kva seier kommuneplan:

Begge tomtene er sett av til sentrumsføremål.

Kva seier reguleringsplan:

Sjå kvart av alternativa.


Areal for Trudvang.

Adresse/tomt	gnr	bnr	areal eigedomar	BRA 700 elevar	BYA bakkeplan, jamfør situasjonsplan	uteareal=tomteareal- BYA bakkeplan	uteareal pr elev
Skulevegen 5	21	4	2652				
Skulevegen 5	21	11	1167				
Skulevegen 5	21	92	344				
Skulevegen 5	21	153	764				
Skulevegen 5	21	154	5617				
Skulevegen 5	21	161	2353				
Skulevegen 3	21	141	849				
Skulevegen 1	21	37	866				
Leighota 2	21	64	857				
Leighota 4	21	137	660				
Leighota 6	21	136	673				
Leighota 8	21	130	654				
sum tomteareal			17456	10500	3500	13956	20
Stitoppen	21	167	1365				
Stitoppen	21	168	4802				
sum Stitoppen			6167		0	6167	9
Sum tomteareal og stitoppen					0		29

Generell vurdering:

Reguleringstilhøva er vesentleg meir komplekse for Kvåle-alternativet enn for Trudvang, og vil medføre at det vert svært utfordrande, om ikkje umogleg, å få ny skule på plass på Kvåle i det tidsperspektivet som kommunen ønskjer.

Trudvang	Kvåle
Området/tomta er regulert gjennom områdeplanen for SOS, Trudvang, Prestadalen og omkringliggende området (2014). Området/tomta der skulen ligg i dag er regulert til OT offentleg tenesteyting. Nabotomtene er regulert til blanda føremål BT1, BT2 bustader/tenesteyting og B5 til bustader.	Området er regulert gjennom områdeplan for Campus (2019). Området er tidlegare regulert til tilsvarende føremål gjennom reguleringsplan for Fosshaugane Kvåle (2004). Området som er tenkt nytt til skule er sett av til bustad/industri/lager, bustad, idrettsanlegg og offentleg



	nødvendig.	der ein ser meir detaljert på prosjekta. Arbeidet med ein detaljplan vil ta om lag 8 månader. Detaljplan kan delvis løysast på same tid som forprosjektet for skulen. Kor vidt forskrift om konsekvensutgreiingar gjer seg gjeldande i samband med planarbeidet, er ikkje vurdert, men kan også komme som tillegg i planprosessen og vil ha konsekvensar for framdrift, kostnader og kompleksitet med planarbeidet. Ein ev. oreigningsprosess i etterkant av godkjend reguleringsplan vil også ta lang tid (fleire år), særleg i eit tilfelle som her med stor motstand frå grunneigarane.
Vurdering		

Klima og berekraft		
Utslepp	<p>Kva seier samfunnsplanen: "Fruktbare tettstader" (4) Miljøvenlege tettstader som reduserer klimagassutslepp, energi- og ressursbruk (4.4)</p> <p>Generell vurdering: Saksframlegget seier "Sogndal skal vere ein miljømedviten kommune der me skal ha klima og miljø som premiss for alt me gjer. Dette betyr at kommunen kuttar klimagassutslepp, driv systematisk klimatilpassingsarbeid og har minst mogleg avfall, mest mogleg gjenbruk og ein medveten arealbruk" Nybygg kan byggast energieffektivt uavhengig av tomt, men ny forsking viser at miljøvinnaren er å rehabilitera dei bygga me har.</p>	
	<p>Trudvang</p> <p>På Trudvang har ein bygnadsmasse ein kan gjenbruke. Det mest berekraftige bygget er det bygget som ikkje vert bygd, så gjenbruk av bygningsmasse på Trudvang vil vere svært positivt i eit miljø/berekraftperspektiv. Deler vil bli nybygg.</p>	<p>Kvåle</p> <p>Vil bli nybygg med dei klimautfordringane det inneber. Viktig å redusere bruk av betong. Kvåle kjem därleg ut av di ein har eit alternativ der ein kan bygge om eksisterande skule</p>
Vurdering		
Byggeperiode	<p>Kva seier samfunnsplanen: "Fruktbare tettstader" (4) Miljøvenlege tettstader som reduserer klimagassutslepp, energi- og ressursbruk (4.4) gjennom å m.a.: - Vere pådrivar for fossilfrie byggjeplassar i eigne og eksterne byggjeprosjekt (4.4.e)</p> <p>Generell vurdering: Bygg- og anleggssektoren står for store utslepp, mest knytt til råmateriale og avfall. Ombruk og levetidsforlengande tiltak er viktige for å redusere næringens klima- og ressursfotavtrykk (ENOVA).</p>	
	<p>Trudvang</p> <p>Noko riving av eksisterande bygnadsmasse må pårekna. I byggefasen kan eksisterande bygg takast i bruk for enkelte trinn, som t.d. Guridalsbygget, tidlegare lærarskulen som står tomt. Det sparar transport og bruk av erstatningsskule.</p>	<p>Kvåle</p> <p>Riving av 14 bygg på Ingahaugen vil føre til store avfallsmengder. Totalt bygningsmasse som må rivast er 2240 m². Det er lite truleg at dette er bygg som kan gjenbrukast til skule. Utbygging med bruk av tunge anleggsmaskiner og opparbeiding av tomt må pårekna. Spesielt ved bygging av garasjeanlegg.</p>
Vurdering		
Drift av ny skule	<p>Kva seier samfunnsplanen: "Fruktbare tettstader" (4) Miljøvenlege tettstader som reduserer klimagassutslepp, energi- og ressursbruk (4.4) gjennom å m.a.: - Vere pådrivar for bruk av fjordvarme eller andre klimavenlege energiløysingar i eigne og eksterne byggjeprosjekt (4.4.f)</p> <p>Generell vurdering: Kommunen har ambisjonar om passivhusnivå. Det er mogeleg å oppgraderer eksisterande bygg til passivhus, men best å oppgradere til energiklasse A med tanke på ressursbruk og inntening.</p>	
	<p>Trudvang</p>	<p>Kvåle</p>

	Eksisterande bygg kan etterisolerast slik at den stettar dagens krav. Avbøtande tiltak kan vera alternative varmekjelder. SHOS har fjordvarme så det vil vera lett å kopla seg på dette anlegget. Dette vil utlikne forskjellane mellom eit nybygd anlegg og eit delvis rehabilert.	Ein ny skule kan byggast slik at den har optimal drift med tanke på energi. Kommunen har ambisjon om passivhus. Kvåle kan òg tilretteleggast for fjordvarme, men med litt større avstand til eksisterande sentral enn på Trudvang.
Vurdering		
Nybygg/ombygging	<p>Kva seier samfunnsplanen: “Fruktbare tettstader” (4)</p> <p>Miljøvenlege tettstader som reduserer klimagassutslepp, energi- og ressursbruk (4.4) gjennom å m.a.:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Vere pådrivar for arenaer for gjenbruk og reparasjon og sjå dei i samanheng med nye løysingar for avfall og renovasjonspunkt (4.4.i) - Unngå bygging på matjord i og utanfor tettstaden (4.4.j) <p>Generell vurdering: Å rehabilitera bygg påverkar miljøet berre halvparten så mykje som å rive og bygge nytt (SINTEF).</p>	
	<p>Trudvang</p> <p>På Trudvang har ein bygningsmasse ein kan bruke oppatt. Dette vil i eit klimaperspektiv gje mindre utslepp enn nybygg. På nybygget kan ein velje klimavenlege materialar som tre.</p>	<p>Kvåle</p> <p>Det aller mest klimavenlege er å ta i bruk eit bygg slik det er i dag. Dvs. ikkje bygge om Kvåle ungdomsskule til barneskule, men bevare den med enkel oppgradering. Å flytte på eit fullt fungerande stadionanlegg er t.d. ikkje berekraftig. Dersom ny skule vert på Kvåle, sit ein att med skulebygg på Trudvang til 400 elevar som ein evt. må rive.</p>
Vurdering		
Konsekvensar for mobilitet (kor mange elevar får reiseveg utover skysskrava i lova)	<p>Dette seier saksframlegget til kommunen: Sogndal skal vere ein miljømedviten kommune der me skal ha klima og miljø som premiss for alt me gjer. Dette skal me mellom anna få til ved å utvikle miljøvenlege tettstader som reduserer klimagassutslepp, energi- og ressursbruk, Sogndal kommune har ein visjon om å få fleire til å gå og sykle.</p> <p>Generell vurdering: Om lag 1/3 av elevane kjem i buss frå Kjørnes, Kvam, Barsnes og Sogndalsdalen. Desse vil ha køyreveg uavhengig av kvar skulen ligg. Kvåle vil utløyse skuleskyss til fleire. I saksframlegget argumenterer kommunen for at svært mange vert køyrt til skulen uavhengig av nærleik til skulen. Dersom det stemmer at Sogndal er særskilt dårleg på dette, må det tiltak til for å få fleire til å gå. Nærleiken til skulen er avgjerande for å få barn til å gå (sjå del 1. Barna sitt beste). Tryggheit og tilrettelegging både for barn, foreldre og lærarar er ein anna faktor. Å flytte skulen vekk frå der hovudtyngda av folk bur er derfor å gå i feil retning.</p> <p>Kommunen seier i saksframstillinga at det er usikkert kvar tyngdepunktet for busetnad vil bli innanfor sentrumsområda dei neste 50-60. Det me veit er at folk kjem til å bu i dagens bustader. I tillegg har kommunen eit mål om fortetting i sentrum, så me ser for oss at det vert fleire bustader i sentrum og allereie utbygde områder. Det vil sannsynlegvis og koma bustader på Kvåle og på Nestangen.</p> <p>Ei sentral plassering av skulen på Trudvang vil gje mindre bilkjøring for flest mogeleg, noko som er positivt for utslepp.</p>	
	<p>Trudvang</p> <p>Krav om skuleskyss vert som i dag. Utbygging av bustader på Kvåle vil ikkje utløyse krav om skuleskyss.</p>	<p>Kvåle</p> <p>Lang avstand for dei minste barna vil føre til at fleire får krav til buss. Dette gjeld dei som bur innan grensa for 2 km. Områder som</p>

	Fleire har høve til å gå og sykle sjølv frå tidleg alder. Me ser at overraskande mange som bur nær Trudvang går sjølv heilt frå 1. klasse av.	øvre Navarsete, Nestangen, Loftesnes vil utløysa krav om skuleskyss for dei minste (sjå skisse over avstandar i del 1 Barna sitt beste).
Vurdering		
Arealdisponering	<p>Kva seier samfunnsplanen:</p> <p>“Fruktbare tettstader” (4)</p> <p>Effektive tettstader som gir god kvardagslogistikk (4.3) gjennom å m.a.:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Legge til rette for ein kompakt sentrumsstruktur med korte avstandar (4.3.a) - Plassere kommunale, publikumsretta tenester i sentrumskjernen og etablere sambruk og samskaping med andre verksemder for å kunne tilby attraktive tenester for brukaren. (4.3.d) <p>Generell vurdering:</p> <p>Trudvantagedtomta ligg svært sentralt i hjarta av Sogndal. Kommunen ønskjer denne tomta til andre føremål for å løyse framtidige demografiske utfordringar. Forslag er aldersbustader og barnehage. Om barneskulen vert lagt til Kvåle vil Fjøra, og først og fremst barna, miste ein viktig møteplass og stor arena for uorganisert aktivitet. Alternativ utbygging vil truleg ikkje i like stor grad bidra til eit levande sentrum med gode møte mellom menneske. Å konsentrere alle installasjonar som oppmuntrar til fysisk aktivitet på ein og same stad strir imot eit viktig folkehelseprinsipp, nemleg tilgjengelegeheit. Trivel vert skapt der ein bur, seier samfunnsplanen, men det føreset nærliek til aktivitetsområde, grøntareal og møteplassar. Plassering av skule på Trudvang er kanskje kommunen sin siste sjanse til å sikre eit så stort areal i sentrum til nettopp slike føremål. Forslag til plassering av eldrebustader er tatt med under “Stadutvikling, Konsekvensar for annan bruk ved etablering av ny skule på tomta”</p> <p>Det er 1,5 km frå Kvåle til Kulturhuset. Å strekke sentrumsfunksjonar langs ein akse på 1,5 km vil ikkje føre til eit kompakt sentrum. Plassering av skule på Kvåle fordrar soneinndeling og skjerma areal som kan skape ei todeling av Fosshaugane Campus. Dette er uheldig for den vidare utviklinga av området der det vil bli eit stort behov for god intern kommunikasjon (til fots) og god trafikkflyt inn og ut av området, til fots som i bil. For ei heilskapleg tettstadutvikling er det viktig å behalde barneskulen i sentrum.</p>	
	<p>Trudvang</p> <p>Tomta er svært verdifull for barn og unge sin uorganiserte aktivitet. Kommunen seier tomta kan få eit løft og har såleis potensiale til å auke bruken framover. Det er meir miljøvenleg/økonomisk å lage eit uteområde for ein skule som også kan nyttast av alle, framfor å lage eit eige område berre til bruk for uorganisert aktivitet. Eldrebustader og barnehage vil begge snevre inn bruken av området både i høve tid og brukargrupper, medan skule har langt større allmennytig verdi. Gymsal og musikkrom til bruk på kveldstid utgjer eit lågterskeltilbod i bygda som treff breitt. Lokala blir blant anna nytta til barnebursdagar, vennegrupper, teatergrupper, teiknegrupper og idrettslag.</p>	<p>Kvåle</p> <p>Om ein bygger på tomta heilt inntil Kvåle skule vil ungdomsskulen miste eksisterande uteområde. Dette må erstattast og vil få konsekvensar for økonomi og arealdisponering. Uteområdet på Kvåle har i dag ballbinge, fotballbane, skaterampe, akebakke, basketballkorg, styrketreningsstativ og klatrestativ, og fungerer som nærliekeanlegg for området. Ein nytt uteareal her har mindre nytteverdi både for skule og nærliggande busetnad enn ved plassering i sentrum, ettersom Fjøra manglar alternative store flater retta mot leik og aktivitet. Tomtene på Kvåle vil ha ein større verdi for framtidig utvikling av Campusområdet.</p>
Vurdering		

Skuledrift i anleggsfase

Lærar- og elevperspektiv

Kva seier moglegheitsstudien:

For Trudvang vil ein ny skule, uavhengig av løysing medføra skuledrift tett på anleggsarbeid. Ein anleggsperiode vil kunne løysast på ein trygg og god måte ved god planlegging. Det vil i periodar vere stor trafikk med tunge køyretøy, desse er anbefalt slusa inn Leighgota. Ein vil i periodar måtte rekne med midlertidig stenging av gata. Det er anbefalt at dette skjer utelukka etter skulestart og før skuleslutt. Stenging bør gjennomførast ved personell, ikkje lysregulert. Dette av omsyn til trafikktryggleik. Erfaringstal med omsyn til tal på vogntog i eit slikt prosjekt sprikar i stor grad når ein ser på samanliknbare bygg. Det er rimeleg å anta at det periodevis vil være tett trafikk, medan det i andre periodar vil være roleg. Det er og stor usikkerheit knytt til eventuelt løysing som veljast, noko som gjer eit estimat endå meir krevjande.

Generell vurdering:

Bygging på Trudvang blir utfordrande for den daglege drifta av skulen, men er vurdert som fullt mogleg å gjennomføra. Påverkinga på elevar og lærarar kan reduserast ved god planlegging, ved å introdusere fleire byggetrinn for utbygginga og ved å stille og handheve strenge krav i anleggsfasen. Alternativet på Kvåle er enklare for elevar og tilsette, men blir utfordrande i det lange løp, på grunn av mange andre planlagde utbyggingar. Dersom ein ser skulen i eit 50 års perspektiv, bør ulempene i byggetida vurderast som mindre viktige opp imot andre og meir permanente tilhøve.

Trudvang

Dei tilsette på skule og SFO står samla om at Trudvang er det beste alternativet, sjølv om ein veit at det vert nokre år med byggeplass tett på skulen. Me har erfaring med å tilpassa skulekvardagen og trur me kan løysa dette på ein god og trygg måte i samarbeid med utbyggar.

Det er mogleg å flytta nokre trinn inn i midlertidige lokale i heile eller delar av byggjepersonen, slik ein har gjort ved behov tidlegare. Eit konkret forslag er å nytte Guridalsbygget (gamle lærarskulen, sjå kartskisse) som er eigd av Statsbygg og som i dag står tomt. Dei nærmaste åra er det ikkje planar for dette bygget frå Statstbygg, HVL eller SAMAN si side. Bygget har m.a. sju klasserom og eit uteareal som kan midlertidig opparbeidast for å huse nokre skuleklasser. På denne måten vil ein avlaste Trudvang i byggeperioden og fungere som eit kompensererande tiltak.

Kvåle

Kvåle vil vera det beste valet for sjølve byggjepersonen av ny skule, sidan det ligg vekke frå noverande skule. Utfordringa her kjem i seinare byggjepersonar på Campus, der det potensielt vil vera byggedrift i mange år ([NRK-artikkel](#)). Illustrasjonen er henta frå Utviklingsplan for Fosshaugane Campus 2.0.



DOBLE BYGNINGSMASSEN: Å bli dobbelt så store som i dag er ikkje utenkjøleg seier Yngve Hallen. Det grå er eksisterande bygg, medan det oransje syner framtidig planar i tillegg til moglegheiter for utbygging.
Foto: RODEO ARKITEKTER AS / SOGNDAL KOMMUNE

	 <p>Sjølve opplevinga av å vera tett på ein byggjeplass vil vera ulik for elevane. For nokon vil dette vera spanande, medan det kan vera skummelt for andre.</p>	
Vurdering		

Tid	
Når kan skulen stå ferdig?	<p>Kva seier samfunnsplanen: Kompetansemiljø i eliteserien (3) Vere ein attraktiv og påliteleg vertskommune (3.7) gjennom å m.a.: - Drive kontinuerleg og godt stadutviklingsarbeid og sikre god kapasitet og kvalitet på bustad, barnehage og skule (3.7.b) Fruktbare tettstader (4) Effektive tettstader som gir god kvardagslogistikk (4.3) - Auke kapasiteten i barnehagen og grunnskulen ut ifrå venta folketalsutvikling(4.3.e)</p> <p>Kva seier mogelegheitsstudiet til Arkitektkontoret 4B og Stiv Kuling: Ein skule på Trudvang kan late seg løyse innanfor kommunen sitt areal og med eigedomane på BT1, BT2 og B5. Utomhusarealet vert 20 m² i tråd med Sogndal kommune si eiga vurdering. Bygningane vert på 1-3 etasjar.</p> <p>Generell vurdering: Reguleringsplan må alltid ligge føre før eit byggjeprosjekt kan gjennomførast. Tida som går med er avhengig av kor stor planen er og kor kompleks oppgåva er. Sogndal kommune brukar lang tid på sine reguleringsprosessar. Større planar/områdeplanar må rekne med opp til to år.</p>

	<p>Prosjektering av bygning og anlegg kan delvis gjennomførast parallelt med detaljplan eller revisjon av plan. Byggjetid er avhengig av ei rekke ulike tilhøve som t.d. storleik, kompleksitet, og logistikk på byggeplassen. Oppdragsgjevar har og høve til å setje rammer for kor lang byggetida skal vere.</p> <p>I første omgang vil kommunen søke å få til frivilleg sal. Oreigning vert nytta der eigar ikkje ønskjer å selje frivilleg og då følgjer ein Lov om oreigning som regulerer prosessen. Reguleringsplan og nødvendige politiske vedtak må ligge føre og det må gjennomførast skjønn. I tillegg ligg det ankomlegheiter.</p>	
Trudvang	Kvåle	
<p><u>Regulering.</u> Trudvang er regulert gjennom områdeplanen for SOS, Trudvang, Prestadalen og omkringliggende området (2014). Det må lagast eit detaljplan for det aktuelle området som har offentleg vegstruktur liggande tett inntil. Ein detaljplan vil kunne utarbeidast innafor ei tidsramme på 8 månader.</p> <p><u>Byggetid.</u> Det bør setjast av 12 månader til prosjektering og tilbodsfase. Ved gjenbruk av deler av eksisterande bygningsmasse, må tiltaket gjennomførast i to byggesteg. Første byggesteg inkluderer nybygget, noko som vil ta om lag 18 månader. Andre byggesteg inkluderer rehabilitering og nybygg, noko som tek 14 månader. Ved bygging av garasjeanlegg under bakken, vil dette ta 4 månader til.</p> <p><u>Kjøp av grunn.</u> Sogndal kommune eig alle eigedomane med unntak av to. Dersom eigarane ikkje ønskjer å selje frivilleg, vil ein kunne tilpasse prosjektet og inkludere eigedomane når dei ligg føre. Det vert vist til mogelegheitsstudie utført av Arkitektkontoret 4B/Stiv Kuling som syner at det let seg løyse å etablere minst 20 m² utomhusareal, ved bruk av eigedomane til Sogndal kommune og dei to eigedomane i B5.</p> <p>Total tidsramme for regulering, tomtekjøp frivilleg, prosjektering og bygging (noko overlappande fasar): 48-54 månader</p> <p>Oppgåva kan løysast innanfor tidsrammene for at skulen treng meir plass.</p>	<p><u>Regulering.</u> Ingahaugen er regulert gjennom områdeplan for Fosshaugane Campus (2019). Det er behov for å gjennomføre ein revisjon av områdeplanen og deretter lage ein detaljregulering. Ein revisjon av områdeplanen vil ta omlag 12 månader og ein detaljplan omlag 8 månader.</p> <p><u>Byggetid.</u> Det kan setjast av 15 månader til prosjektering og tilbodsfase. Byggetid for garasjeanlegg delvis under bakken er 6 månader. Byggetid for ein skule over er 22 månader. (Dersom Kvåle skule skal byggast om til barneskule, vil dette medføre ytterlegare 6 månader byggetid fordi ein barneskule har heilt andre behov enn ein barneskule.)</p> <p><u>Kjøp av grunn.</u> På Ingahaugen ligg 9 bustadeigedomar og to næringseigedomar som kommunen ikkje eig. Prosjektet kan ikkje gjennomførast utan desse eigedomane. Ei eventuell oreigning med klagertilgang, forhandlingar og alle politiske vedtak, vil kunne ta lang tid og det er svært vanskeleg å seie noko eksakt om dette. Ein bør rekne med 2-3 år i tillegg til reguleringsplan, truleg meir.</p> <p>Total tidsramme for regulering, tomtekjøp oreigning, prosjektering og bygging: 58-60 månader + 24-36 månader (oreigning) = 82-103 månader</p> <p>Oppgåva kan ikkje løysast innafor tidsrammene for at skulen treng meir plass.</p>	
Vurdering		

Uavklara tilhøve	Generell vurdering: Etablering av bussgarasje må skje i eit samarbeide med Vestland fylke. Det ligg ikkje føre konkrete planar om dette, i følgje saksgrunnlaget til Sogndal kommune.	
	Trudvang Bygging av skule kan skje utan avhengigheit med bussgarasje. Skule kan byggast med dei eigedomane ein har, og så utvide med dei to eigedomane som ein ikkje eig når de Ein detaljplan vert i hovudsak vidareføring av eksisterande områdeplan, og endringane har liten risiko for motsegner og naboprotestar.	Kvåle Bygging av skule er avhengig av om garasje vert liggande under skulen. Dersom garasjen vert liggande under Kvåle stadion er bygging av skule ikkje avhengig av garasje. Ein er avhengig av å kjøpe Ingahaugen med 9 bustadeigedomar og to næringseigedomar. Signalene som ligg føre no er at dei ikkje sel frivilleg. Områdeplanen må reviderast.
Rangering		

Lokaltrafikk og parkering		
Påverknad på lokaltrafikk og parkeringstilhøve	Kva seier samfunnsplanen: «Fruktbare tettstader» (4) Miljøvenlege tettstader som reduserer klimagassutslepp, energi, og ressursbruk (4.4) <ul style="list-style-type: none"> - Som hovedregel legge parkering under bakken, i utkanten av sentrumskjernen og samlokalisert med kollektivpunkt (4.4.a) - Redusere biltrafikk og parkeringsareal i sentrumskjernen (4.4.c) - Utvikle og vere pådrivar for nye kollektiv- og mobilitetsløysingar (4.4.d) Generell vurdering: I moglegheitsstudien vert det poengtatt at auka avstand kan medføre at fleire barn vert køyrd til skulen. Kortast mogleg avstand til skulen for flest mogleg gjev fleire mjuke trafikantar. Dette reduserer småkøyringa og er positivt for lokaltrafikken.	
	Trudvang Trudvang ligg sentralt plassert og vil føre til at fleire går og sykler. Det er etablert eit nett av snarvegar mellom skulen og bustadområda rundt som gir trygge ruter og reduserer skuleveg i køyrevegar som ikkje er tilrettelagt med fortau og trygge kryssingar. Dette må vidareutviklast og styrkast. Færre vil velje å køyre ungane til skulen.	Kvåle Kvåle ligg i utkanten av Sogndal sentrum. For store deler av Leite vil denne plasseringa føre til ei auke i omfang av skuleveg i køyrevegar som ikkje er tilrettelagt med fortau og trygge kryssingar. Fleire vil velje å køyre ungane sine til skulen både på grunn av auka avstand, meir uthygg skuleveg og fordi det kanskje er enklare å köyre dit.

3. Andre verknadar

Basis- og fleirbrukskall	
Storleik på basis- og fleirbrukskall og samdrift av areal til slikt føremål	<p>Kva seier samfunnsplanen: "Skapt for aktiv livsstil" (2)</p> <p>Ein kommune som mobiliserer til fysisk aktivitet (2.2) gjennom å m.a.:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Kartlegge den fysiske aktiviteten til innbyggjarane slik at me veit behova deira (2.2.e) - Måle effektar av tiltak slik at me heie tida forbetrar korleis me inviterer til fysisk aktivitet (2.2.f) <p>Fjerne alle barrierar for fysisk aktivitet for utsette grupper (2.3) gjennom å m.a.:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Utvikle trenings- og rekreasjonsområde som legg til rette for gratis, uorganisert fysisk aktivitet (2.3.f) <p>Stor breidde i organiserte og eigenorganiserte fysiske aktivitetstilbod (2.4) gjennom å m.a.:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Prioritere kommunale midlar til aktivitetstilbod retta mot barn og ungdom som ikkje deltek i organisert trening eller fysisk aktivitet (2.4.b) - Samarbeide med lag og organisasjonar om opne aktivitetstilbod til barn og ungdom (2.4.c) - Samarbeide med lag og organisasjonar om å finne løysingar som held ungdom fysisk aktive gjennom heile oppveksten (2.4.d) - Vere pådrivar for at lag og organisasjonar samarbeider om å gi barn, ungdom og eldre eit meir mangfaldig aktivitetstilbod (2.4.g) <p>Best i landet på kvalitet og tilgjenge til rekreasjonsområde og anlegg for fysisk aktivitet (2.5) gjennom å m.a.:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Alle kommunale investeringar i anlegg skal basere seg på samarbeid med andre for å finansiere etablering og drift av anlegga (2.5.a) - Etablere fleire anlegg for eigenorganisert fysisk aktivitet (2.5.b) - Vere bidragsytar og tilretteleggjar for utvikling av spesialanlegg med høg nasjonal kvalitet (2.5.c) <p>Generell vurdering:</p> <p>Sogndal kommune har eit politisk vedtak på bygging av basis- og fleirbrukskall. I samband med planlegginga av denne er kommunen plukka ut til å delta i fylkeskommunen sitt prosjekt Nyskapande aktivitetsanlegg. Der skal ein arbeide med korleis ein skapar medverknad, har fokus på god arkitektur, stadutvikling og bidreg til nyskaping for å få fleire aktive. Ein veit difor ikkje endå kva for basis- og fleirbrukskall som skal byggast og korleis den skal sjå ut. Det vart for nokre år sidan gjennomført ei kartlegging av den organiserte idrettens arealbehov i Sogndal knytt til planlegginga av basis- og fleirbrukskallen. Sidan den tid har mykje skjedd. Sogahallen AS har bygt Nyehallen på kortsida av Sognahallen, det faste dekket i Sognahallen er borte og HVL har overteke leiga av Campushallen heile døgnet. Den siste endringa har medført at mykje av aktiviteten til studentidrettslaga er flytta til Campushallen og har dermed frigjort plass i Nyehallen frå 1. januar 2023. Om det ikkje er gjort noko ny behovskartlegging i den organiserte idretten må dette gjerast før ein veit kva ein har behov for å bygge.</p> <p>Mange unge fell i dag frå den organiserte idretten. Ein del blir inaktive, men inaktiviteten er ikkje deira største problem. Dei skårar lågare på stort sett alle variablar som handlar om positiv ungdomsutvikling og mental helse (Säfenbom, 2023). Andre finn seg til rette i sjølvorganiserte bevegelsesaktivitetar. Den nemnde kartlegginga av arealbehov inkluderte ikkje behovet til den delen unge som driv sjølvorganisert aktivitet eller som er inaktiv. Medan den organiserte idretten har idrettslag og trenarar som talar deira sak er det ungdomen som sjølv styrer den sjølvorganiserte aktiviteten. Ungdommen sin sjølvorganiserte bevegesleskultur har endra seg og kommunen har eit ansvar for å facilitere denne aktiviteten. Kjenneteikn ved denne kulturen er at den er meir samansett, meir midlertidig, mindre føreseieleg, meir individuelt orientert og mindre normativ (Säfenbom, 2023)</p>

	 <p>1969</p>	 <p>2019</p>	
<p>Eit mangfaldig og frodig ungdomssektoren krev eit mangfaldig aktivitetstilbod viss mangfaldet skal få vekse. Når dette ikkje er kartlagt veit me difor heller ikkje kva for basis- og fleirbrukslokale Sogndal treng. Dette skal ein utforske gjennom prosjektet Nyskapande aktivitetsanlegg. Ein skuleutbygging kan difor ikkje legge føringar for dette arbeidet og vice versa.</p>			
	Trudvang <p>Ved ei plassering på Trudvang vil ein ikkje legge opp til samdrift med noko basis- og fleirbrukslokale på Kvåle, men dette bør ikkje svekke verken Trudvangelternativet eller den planlagde basis- og fleirbrukslokalen.</p>	Kvåle <p>Ved ei plassering på Kvåle vil ein kunne drive noko sambruk på hallkapasitet. Samstundes veit ein i dag ikkje kva for fleirbrukslokale ein treng og om det ein treng vil dekke behovet til skulane på dagtid. Sambruk utfordrar også fleksibiliteten, noko ein i dag opplever i Nyehallen etter at leigeavtalen til Kvåle skule og HVL vart flytta frå Sognahallen. Partane har like mykje halltid som før - men i praksis klarer ein ikkje å utnytte denne like mykje som før då fleksibiliteten reduserast ved sambruk.</p>	
Vurdering			

Stadutvikling

Sambruk av bygg og uteområde	<p>Kva seier samfunnsplanen:</p> <p>“Best på oppvekst” (1)</p> <p>Føregangskommune for barnehage- og skuleutvikling (1.3) gjennom å m.a.:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Sjå skular og barnehagar som ein del av lokalsamfunnet (1.3.c) - Legge til rette for at skular og barnehagar har tilgang til rom og utstyr som inspirerer til kulturelle aktivitetar, og at skular og barnehagar kan ta kulturtilbodet i kommunen aktivt i bruk (1.3.m) <p>Lokalsamfunn som innbyr til fritidsaktivitet og sosiale møte (1.5) gjennom å m.a.:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Etablere aktivitetsparkar for ungdom i sentrumskjernen i alle tettstader (1.5.a) - Legge til rette for grøne friområde tett på alle skular, barnehagar og idrettsanlegg (1.5.c) - Bidra til vedlikehald og oppgradering av leikeplassar (1.5.d) - Stimulere til mangfald i fritidstilbod for og av barn og unge (1.5.g) <p>“Skapt for aktiv livsstil” (2)</p> <p>Lokalsamfunn som innbyr til aktiv livsstil (2.1) gjennom å m.a.:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Sikre aktivitetsperspektivet ved utvikling av offentlege rom i bu- og sentrumsområde i heile kommunen (2.1.g) <p>Best i landet på kvalitet og tilgjenge til rekreasjonsområde og anlegg for fysisk aktivitet (2.5) gjennom å m.a.:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Vere bidragsytar til vedlikehald av eksisterande anlegg for fysisk aktivitet i kommunen (2.5.d) <p>“Fruktbare tettstader” (4)</p> <p>Attraktive tettstader som tilbyr varierte funksjonar og gir trivsel (4.1) gjennom å m.a.:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Legge til rette for gode bustader for alle livssituasjonar i blanda bumiljø og med gode dele- og fellesskapsløysingar (4.1.b) - Legge til rette for sambruk av offentlege bygg og uteområde (4.1.e) <p>Effektive tettstader som gir god kvardagslogistikk (4.3) gjennom å m.a.:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Legge til rette for ein kompakt sentrumsstruktur med korte avstandar (4.3.a) 				
Trudvang	<p>Generell vurdering:</p> <p>Barneskulen er ein viktig del av lokalsamfunnet og nærmiljøet. Skulebygga og uteområda har ein svært viktig funksjon utspring frå skuletid; som sosial samlingsstad, nærmiljøanlegg, nærlleikeplass, og som arena for organisert og uorganisert aktivitet. At flest mogleg har best mogleg tilgang på gode nærmiljøanlegg er viktig for god måloppnåing i høve satsingsområda i samfunnsplanen. Attraktive tettstader som tilbyr varierte funksjonar og gir trivsel forventar at ulike funksjonar ligg nær kvarandre for å styrke og dra nytte av kvarandre.</p> <table border="1" style="width: 100%; border-collapse: collapse;"> <thead> <tr> <th style="text-align: left; padding: 5px;">Trudvang</th><th style="text-align: left; padding: 5px;">Kvåle</th></tr> </thead> <tbody> <tr> <td style="padding: 5px;">Bygga og uteområda på Trudvang har i dag (trass tilstanden) ein svært viktig funksjon som nærmiljøanlegg. Sentrumskjernen og nærområda har utan Trudvang dårleg tilgang på slike funksjonar. Ein ny skule på Trudvang vil betre både kvaliteten og kapasiteten til bygg og uteområde, og vil styrke sentrumskjernen som ein attraktiv og viktig sosial møteplass. Ein skule på Trudvang vil vere ein viktig premissgivar for aktivitet og attraktivitet i</td><td style="padding: 5px;">Campus og Kvåle er allereie godt dekkja når det kjem til skulebygg og uteområdet knytt til det. Ein ny skule her vil i prinsippet berre gi meir av det same. Nærmiljøet på Kvåle har god tilgang til desse funksjonane allereie. Ein ny skule på Kvåle vil vere ein trussel mot nærmiljøanlegget på Trudvang, og er difor vurdert som raud.</td></tr> </tbody> </table>	Trudvang	Kvåle	Bygga og uteområda på Trudvang har i dag (trass tilstanden) ein svært viktig funksjon som nærmiljøanlegg. Sentrumskjernen og nærområda har utan Trudvang dårleg tilgang på slike funksjonar. Ein ny skule på Trudvang vil betre både kvaliteten og kapasiteten til bygg og uteområde, og vil styrke sentrumskjernen som ein attraktiv og viktig sosial møteplass. Ein skule på Trudvang vil vere ein viktig premissgivar for aktivitet og attraktivitet i	Campus og Kvåle er allereie godt dekkja når det kjem til skulebygg og uteområdet knytt til det. Ein ny skule her vil i prinsippet berre gi meir av det same. Nærmiljøet på Kvåle har god tilgang til desse funksjonane allereie. Ein ny skule på Kvåle vil vere ein trussel mot nærmiljøanlegget på Trudvang, og er difor vurdert som raud.
Trudvang	Kvåle				
Bygga og uteområda på Trudvang har i dag (trass tilstanden) ein svært viktig funksjon som nærmiljøanlegg. Sentrumskjernen og nærområda har utan Trudvang dårleg tilgang på slike funksjonar. Ein ny skule på Trudvang vil betre både kvaliteten og kapasiteten til bygg og uteområde, og vil styrke sentrumskjernen som ein attraktiv og viktig sosial møteplass. Ein skule på Trudvang vil vere ein viktig premissgivar for aktivitet og attraktivitet i	Campus og Kvåle er allereie godt dekkja når det kjem til skulebygg og uteområdet knytt til det. Ein ny skule her vil i prinsippet berre gi meir av det same. Nærmiljøet på Kvåle har god tilgang til desse funksjonane allereie. Ein ny skule på Kvåle vil vere ein trussel mot nærmiljøanlegget på Trudvang, og er difor vurdert som raud.				

	<p>sentrumskjernen, og vil også komme framtidige nye bustadar i nærleiken til gode. Halflater, musikkrom, skulekjøken, allrom etc. kan nyttast til organiserte og uorganiserte aktivitetar utanfor skuletida.</p> <p>At Trudvang i ei årrekke har sytt for ei fin innramming av 17. mai-feiringa, er eit godt døme på viktigeita av skulen si sentrale plassering med varierte og funksjonelle uteområde - også utanfor skuletida.</p>	
Vurdering		
Konsekvensar for annan bruk ved etablering av ny skule på tomta	<p>Kva seier samfunnsplanen:</p> <p>“Best på oppvekst” (1)</p> <p>Føregangskommune for barnehage- og skuleutvikling (1.3) gjennom å m.a.:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Sjå skular og barnehagar som ein del av lokalsamfunnet (1.3.c) - Legge til rette for at skular og barnehagar har tilgang til rom og utstyr som inspirerer til kulturelle aktivitetar, og at skular og Barnehagar kan ta kulturtilbodet i kommunen aktivt i bruk (1.3.m) <p>Lokalsamfunn som innbyr til fritidsaktivitet og sosiale møte (1.5) gjennom å m.a.:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Etablere aktivitetsparkar for ungdom i sentrumskjernen i alle tettstader (1.5.a) - Legge til rette for grøne friområde tett på alle skular, barnehagar og idrettsanlegg (1.5.c) - Bidra til vedlikehald og oppgradering av leikeplassar (1.5.d) - Stimulere til mangfald i fritidstilbod for og av barn og unge (1.5.g) <p>“Skapt for aktiv livsstil” (2)</p> <p>Lokalsamfunn som innbyr til aktiv livsstil (2.1) gjennom å m.a.:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Sikre aktivitetsperspektivet ved utvikling av offentlege rom i bu- og sentrumsområde i heile kommunen (2.1.g) <p>Best i landet på kvalitet og tilgjenge til rekreasjonsområde og anlegg for fysisk aktivitet (2.5) gjennom å m.a.:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Vere bidragsytar til vedlikehald av eksisterande anlegg for fysisk aktivitet i kommunen <p>“Fruktbare tettstader” (4)</p> <p>Attraktive tettstader som tilbyr varierte funksjonar og gir trivsel (4.1) gjennom å m.a.:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Legge til rette for gode bustader for alle livssituasjonar i blanda bamiljø og med gode dele- og fellesskapsløysingar (4.1.b) - Legge til rette for sambruk av offentlege bygg og uteområde (4.1.e) <p>Inkluderande tettstader som involverer innbyggjarane og verksemldene (4.2) gjennom å m.a.:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Vidareutvikle biblioteket som lågterskel møteplass for kunnskap, debatt og kulturopplevelingar for alle (4.2.b) <p>Effektive tettstader som gir god kvardagslogistikk (4.3) gjennom å m.a.:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Legge til rette for ein kompakt sentrumsstruktur med korte avstandar (4.3.a) - Plassere kommunen sine publikumsretta tjenester i sentrumskjernen og etablere sambruk og samskaping med andre verksemder for å kunne tilby effektive tjenester for brukaren (4.3.d) <p>Generell vurdering:</p> <p>Trudvang ligg sentralt plassert i Sogndal sentrum med kort veg til omsorgs- og legesenter, kulturhus, butikkar, sentrumspark og fjordsti. Tomta er flat og har god byggegrunn og utan naturfare av noko slag. Tomta har svært godt lokalklima med mange soltimar og lite vind. Området er svært attraktivt, og kan isolert sett vere eigna til fleire ulike føremål; bustader, barnehage, park etc.</p>	

	<p>Erstatte eksisterande funksjonar Å diskutere alternativ bruk av Trudvang føreset at ny skule ikkje vert plassert her. Som omtala i førre punkt har Trudvang i dag ein viktig funksjon for nærmiljøet utover det å vere skule på dagtid. Om skulen ikkje vert plassert her, vil første bod vere å erstatte nærliekeplassfunksjonen - anten på tomta eller på nærliggande område. Nytt nærmiljøanlegg må vere minst like omfangsrikt med omsyn til innhald og kvalitet. På Kvåle må eksisterande eigedommar og næring erstattast. I diskusjonen rundt alternativ bruk av Trudvang har det kome opp ulike konkrete forslag. Me ønskjer å kommentere kort rundt desse. På Kvåle kommenterer me nokre konsekvensar ved etablering av ny skule her.</p> <p>Vurdering Trudvang kan nyttast til fleire føremål, men det gir størst vinst for flest menneske å bygge skule. Skule på Trudvang vil ikkje gi negative konsekvensar for andre behov og funksjonar, då desse kan løysast på andre tomter i andre prosjekt. På Kvåle er dei negative konsekvensane fleire.</p> <table border="1"> <thead> <tr> <th>Trudvang</th><th>Kvåle</th></tr> </thead> <tbody> <tr> <td> <p>Bustader for eldre / omsorgsbustader o.l. Om ein vil legge til rette for gode bustader for alle livssituasjonar i blanda buminflate kan ein ikkje planlegge ei einsarta utbygging på Trudvang. Ein bør heller prøve å integrere bustader for eldre (og andre grupper) i andre sentrumsnære bustadprosjekt som er under planlegging. I staden for at kommunen skal bygge ut eigne bustadprosjekt kan ein vere ein katalysator for gjennomføring av private utbyggingsprosjekt.</p> <p>Bustader for demente Å etablere bustader for demente på Trudvang vil medføre ei uheldig institusjonalisering av eit viktig sentrumsområde, og er etter vårt syn uheldig.</p> <p>Barnehage Det vil truleg kunne byggast ein svært god sentrumsbarnehage på Trudvang-tomta. Ein barnehage vil på same vis som ein barneskule bidra til liv og rør i sentrum på dagtid, og er eit fint supplement ved sidan av SHOS. Samstundes har ein barnehage ein meir avgrensa verdi som nærmiljøanlegg og nærliekeplass enn ein barneskule. Både bygg og uteområde til ein barnehage er spissa mot ei spesifikk aldersgruppe, og har mindre verdi for andre brukargrupper.</p> </td><td> <p>Flytte tyngdepunkt Ny skule på Kvåle vil flytte tyngdepunktet vekk frå sentrumskjernen og bidra til auka press på utbygging oppover dalen, inklusive auka press på nedbygging av matjord. Konsekvensen vil på sikt vere det motsette av ein effektiv tettstad med god kvardagslogistikk.</p> <p>Rive ei grend Kvålealternativet medfører å fjerne ei heil lita grend.</p> <p>Flytte idrettsanlegg Alternativet medfører riving og flytting av funksjonelle idrettsanlegg. Ny plassering vil truleg krevje nedbygging av matjord og få økonomiske konsekvensar i høve tilpemidlar som kommunen ikkje har tatt høgde for i si vurdering.</p> <p>Framtidig reserveareal Ny skule vil bruke av framtidig reserveareal for framtidige behov på Campus og Kvåle</p> </td></tr> </tbody> </table>	Trudvang	Kvåle	<p>Bustader for eldre / omsorgsbustader o.l. Om ein vil legge til rette for gode bustader for alle livssituasjonar i blanda buminflate kan ein ikkje planlegge ei einsarta utbygging på Trudvang. Ein bør heller prøve å integrere bustader for eldre (og andre grupper) i andre sentrumsnære bustadprosjekt som er under planlegging. I staden for at kommunen skal bygge ut eigne bustadprosjekt kan ein vere ein katalysator for gjennomføring av private utbyggingsprosjekt.</p> <p>Bustader for demente Å etablere bustader for demente på Trudvang vil medføre ei uheldig institusjonalisering av eit viktig sentrumsområde, og er etter vårt syn uheldig.</p> <p>Barnehage Det vil truleg kunne byggast ein svært god sentrumsbarnehage på Trudvang-tomta. Ein barnehage vil på same vis som ein barneskule bidra til liv og rør i sentrum på dagtid, og er eit fint supplement ved sidan av SHOS. Samstundes har ein barnehage ein meir avgrensa verdi som nærmiljøanlegg og nærliekeplass enn ein barneskule. Både bygg og uteområde til ein barnehage er spissa mot ei spesifikk aldersgruppe, og har mindre verdi for andre brukargrupper.</p>	<p>Flytte tyngdepunkt Ny skule på Kvåle vil flytte tyngdepunktet vekk frå sentrumskjernen og bidra til auka press på utbygging oppover dalen, inklusive auka press på nedbygging av matjord. Konsekvensen vil på sikt vere det motsette av ein effektiv tettstad med god kvardagslogistikk.</p> <p>Rive ei grend Kvålealternativet medfører å fjerne ei heil lita grend.</p> <p>Flytte idrettsanlegg Alternativet medfører riving og flytting av funksjonelle idrettsanlegg. Ny plassering vil truleg krevje nedbygging av matjord og få økonomiske konsekvensar i høve tilpemidlar som kommunen ikkje har tatt høgde for i si vurdering.</p> <p>Framtidig reserveareal Ny skule vil bruke av framtidig reserveareal for framtidige behov på Campus og Kvåle</p>
Trudvang	Kvåle				
<p>Bustader for eldre / omsorgsbustader o.l. Om ein vil legge til rette for gode bustader for alle livssituasjonar i blanda buminflate kan ein ikkje planlegge ei einsarta utbygging på Trudvang. Ein bør heller prøve å integrere bustader for eldre (og andre grupper) i andre sentrumsnære bustadprosjekt som er under planlegging. I staden for at kommunen skal bygge ut eigne bustadprosjekt kan ein vere ein katalysator for gjennomføring av private utbyggingsprosjekt.</p> <p>Bustader for demente Å etablere bustader for demente på Trudvang vil medføre ei uheldig institusjonalisering av eit viktig sentrumsområde, og er etter vårt syn uheldig.</p> <p>Barnehage Det vil truleg kunne byggast ein svært god sentrumsbarnehage på Trudvang-tomta. Ein barnehage vil på same vis som ein barneskule bidra til liv og rør i sentrum på dagtid, og er eit fint supplement ved sidan av SHOS. Samstundes har ein barnehage ein meir avgrensa verdi som nærmiljøanlegg og nærliekeplass enn ein barneskule. Både bygg og uteområde til ein barnehage er spissa mot ei spesifikk aldersgruppe, og har mindre verdi for andre brukargrupper.</p>	<p>Flytte tyngdepunkt Ny skule på Kvåle vil flytte tyngdepunktet vekk frå sentrumskjernen og bidra til auka press på utbygging oppover dalen, inklusive auka press på nedbygging av matjord. Konsekvensen vil på sikt vere det motsette av ein effektiv tettstad med god kvardagslogistikk.</p> <p>Rive ei grend Kvålealternativet medfører å fjerne ei heil lita grend.</p> <p>Flytte idrettsanlegg Alternativet medfører riving og flytting av funksjonelle idrettsanlegg. Ny plassering vil truleg krevje nedbygging av matjord og få økonomiske konsekvensar i høve tilpemidlar som kommunen ikkje har tatt høgde for i si vurdering.</p> <p>Framtidig reserveareal Ny skule vil bruke av framtidig reserveareal for framtidige behov på Campus og Kvåle</p>				
Vurdering					